




Figur 1 Bilete av Moster Amfi, som i 2024 feirar 1000-års jubileum sidan innføring av kristenretten i Noreg. Vestland fylkeskommune er medeigar i Moster Amfi og kyrkehistoriske senter AS og jubileumsselskapet Moster 2024 AS.

Foto: Åge Avedal / Vestland fylkeskommune

Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2024 – del I



Vedtaks- og endringsprotokoll

Vedteken/endra av	Dato/saksnummer
Fylkestinget	17.12.19 / PS 16/2019
Fylkestinget	15.12.20 / PS 138/2020
Fylkestinget	16.12.21 / PS 131/2021
Fylkestinget	19.06.24 / PS 83/2024

Føreord

Eigarskapsmeldinga 2024 er Vestland fylkeskommune si fjerde av sitt slag. Den samla meldinga omhandlar kva fylkeskommunen eig og kvifor vi eig, kva forventningar vi har til styringa av selskap, korleis fylkeskommunen si eigarstyring skal vere, og litt om dei rettslege rammene for eigarstyring og selskapsleiing.

Eigarskapsmeldinga er del av fylkeskommunen si eigarstyring og eigenkontroll, og skal sikre føremålstenleg forvaltning av dei verdiar og tenester som er lagt ut i selskap og liknande. Meldinga dokumenterer og tydeleggjer fylkeskommunen si eigarstyring og bidreg til openheit. Meldinga er delt i to; Eigarskapspolitikk og eigarstyring (Del I) og Verksemdsoversikt med eigarskapsføremål, status og tilråding (Del II). I år vert meldingsdelane handsama kvar for seg – Del I i juni og Del II i desember. Del I vil gjelde for perioden 2024-2028, medan Del II vil bli lagt fram årleg.

Fylkeskommunen står fritt til å endre eigarpolitikken, så framt endringa er innanfor gjeldande rettslege rammer og nasjonale tilrådingar med allmenn oppslutnad. Eigarpolitikken kan endrast i samband med fylkestinget si handsaming av eigarskapsmeldinga, eller gjennom einskildsaker elles i perioden. I sistnemnde tilfelle vert endringa innarbeidd ved neste revisjon.

Sidan sist har fylkesdirektøren følgd opp fylkestinget sitt vedtak av eigarskapsmeldinga i 2021, sjå vedlegg 3, om å oppmode selskap som er omfatta av innkjøpsregelverket om å innarbeide fylkeskommunen sine vedtekne seriositetskrav. Oppmodinga vart teken inn som ei forventning overfor aktuelle selskap i eigarskapsmeldinga 2021, og meldinga er seinare sendt ut med oppmoding om å handsame den og slutte seg til krava.

Fylkesdirektøren har også følgd opp vedtak om å avvikle eigarskap, eller starte prosess for å avvikle eigarskap i selskap. Fylkeskommunen er ikkje lenger eigar i Sarsia Development AS eller Lutelandet utvikling AS. Når det gjeld HFK Tomt Knarvik AS så har fylkesdirektøren sett prosessen på vent, sidan omstenda som låg til grunn for å selje har endra seg og fylkeskommunen kan ha behov for tomta likevel. Fylkeskommunen er vidare i gang med ein prosess for å selje seg ut av Gulen og Masfjorden utvikling AS. Oppfølginga av vedtaket frå 2021, vert nærmare omtalt i Del II av meldinga.

På fylkestinget 1-2. november 2023, fekk fylkestinget ein kort introduksjon til- og opplæring i eigarskapsforvaltning. Vidare opplæring følgjer.

Fylkeskommunen har dei siste åra, ved utsending av eit årleg brev signert fylkesordføraren, oppmoda alle selskap om å varsle om møtedatoar og særskilde saker i god tid, og vi vil halde fram med dette. Retttidig informasjon og koordinering er avgjerande for at fylkeskommunen, som ein politisk styrt organisasjon, skal få ta stilling til- og gje uttrykk for vårt syn i eigarskaps spørsmål.

Fleire og fleire møte vert gjennomført digitalt, og fylkeskommunen har vore representert på dei aller fleste. Digital deltaking gjer det lettare for fylkeskommunen å delta, og i dei aller fleste tilfella har dette fungert godt. Aksjonærar har sidan midten av 2021 hatt ein lovfesta rett til å delta elektronisk i generalforsamlingar, med mindre styret finn sakleg grunn til å nekte. I interkommunale selskap har representantskapet, på fast basis, høve til å vedta at møte kan gjennomførast som fjernmøte og at protokollar kan signerast med elektronisk signatur.

Sidan 2021 har fylkeskommunen vedteke ein felles eigarstrategi for fylkeskommunen sitt eigarskap i åtte arbeidsmarknadsbedrifter. Slike strategiar har gjennomgåande blitt etterlyst i samband med selskapskontrollar (no eigarskapskontroll eller forvaltningsrevisjon). Denne typen kontrollar utgjer, saman med eigarskapsmeldinga, ein viktig del av fylkeskommunen sin eigenkontroll på området. Seinast i 2023 vart fylkeskommunen si overordna eigarskapsforvaltning kontrollert, og fylkesdirektøren er godt i gang med å følgje opp fylkestinget sitt vedtak i saka.

Rune Haugsdal
fylkesdirektør





Foto: Morten Wanvik / Vestland fylkeskommune

Føreord.....	3
Del I – EIGARPOLITIKK OG EIGARSTYRING.....	6
1. Fylkeskommunal eigarskap – kvifor, og korleis utforme	6
1.1 Fylkeskommunen sine føremål med eigarskapa	6
1.2 Når er eigarskap det rette verkemiddelet for å nå måla.....	7
1.3 Skipinga av selskapet	9
1.4 Velje styre til å forvalte selskapet.....	11
1.5 Velje eigarrepresentantar.....	12
2. Forventningar til selskapa.....	12
2.1 Regelverksetterleving og forsvarleg drift	12
2.2 Organisering, honorering og styringsgrunnlag	15
2.3 Samfunnsansvar og etikk	18
3. Eigarstyring og eigarskapsforvaltning i fylkeskommunen – korleis eige	21
3.1 Eigarskapsutøving og kommunikasjon.....	21
3.2 Eigarrepresentasjon i- og rapportering frå møte	23
3.3 Eigarskaps saker i fylkeskommunen.....	25
3.4 Intern ansvars- og oppgåvefordeling i fylkeskommunen	26
3.5 Folkevaldopplæring i eigarstyring m.m.....	28
3.6 Moglege interessekonfliktar i samband med eigarskap	28
3.7 Habilitet	29
3.8 Openheit	31
3.9 EØS-rettslege rammer for fylkeskommunal kapitaltilførsel til føretak	32
3.10 Eigenkontroll med fylkeskommunen si eigarstyring, m.m.....	32
3.11 Fylkeskommunen sine styringsprinsipp - oppsummerte	33
Vedlegg 1: Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon (utdrag) for valperioden.....	36
Vedlegg 2: Rapporteringsmal for eigarrepresentantar som deltek på generalforsamlingar, representantskapsmøte, føretaksmøte og årsmøte for fylkeskommunen i 2024-2028.....	38
Vedlegg 3: Fylkestinget sitt vedtak av eigarskapsmelding i 2021	39
Vedlegg 4: Felles sakshandsamingsrutine for vurdering og etablering av eigarskap	40
Vedlegg 5: Felles sakshandsamingsrutine for å gå ut av selskap.....	41
Vedlegg 6: Kort om ulike selskaps- og organisasjonsformer	42
Vedlegg 7: Selskap kontrollutvalet har rett til innsyn i, jf. kommunelova § 23-6.....	45

Del I – EIGARPOLITIKK OG EIGARSTYRING

1. Fylkeskommunal eigarskap – kvifor, og korleis utforme

1.1 Fylkeskommunen sine føremål med eigarskapa

Fylkeskommunen sine eigarskap handlar som regel om å nå sektorpolitiske mål og/eller løyse oppgåver, som etter lov eller forskrift, ligg innanfor fylkeskommunen sine ansvarsområde. Eit fåtal av fylkeskommunen sine eigarskap er finansielt motiverte, og tener som regel andre føremål i tillegg.

Fylkeskommunen har mange ansvarsområde. Nokre av dei viktigaste er vidaregåande opplæring, kultur, tannhelse, næringsutvikling, klima- og miljø og samferdsel.

Fylkeskommunen sin sektorpolitikk kjem til uttrykk i m.a. følgjande regionale planar:

- Berekraftig verdiskaping - regional plan for innovasjon og næringsutvikling (2021-2033). Planen har som hovudmål at Vestland skal vere det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon, gjennom:
 - o Eit næringsliv med netto nullutslepp i 2030
 - o Rett areal til rett føremål til rett tid
 - o Fleire arbeidstakarar med rett kompetanse
 - o Verdiskaping og nye grønne arbeidsplassar i heile fylket
- Regional plan for klima 2022-2035
 - o Redusere direkte klimagassutslepp til nettonullutslepp innan 2030
 - o Redusere klimafotavtrykket
 - o Trygt og robust Vestland
 - o Sikre naturmangfaldet
 - o Klimarettferd og folkehelse
- Regional plan for kultur (2023-2035). Ein langsiktig plan for utvikling av kulturfeltet i Vestland, og korleis kulturfeltet kan bidra til samfunnsutvikling. Sentrale tema er:
 - o Vestland som ein leiande kulturregion
 - o Eit berekraftig kulturliv
 - o Deltaking, medborgarskap og mangfald
 - o Kulturell verdiskaping
 - o Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling

Desse, og fleire andre planar, t.d. for fornybar energi, for transport osb. er opplista og lenkja til på fylkeskommunen sin nettstad her: [Regionale planar og strategiar](#).

Planane bygger på hovudmål i den regionale planstrategien Utviklingsplan for Vestland 2020-2024, om Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg, om klima og miljø som premisser for samfunnsutvikling, om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv og om like moglegheiter for å delta i verdiskapinga. Utviklingsplan for 2024-2028 er i skrivande stund under utarbeiding.

Fylkeskommunen sine mål med å eige vil naturlegvis endre seg over tid, i takt med samfunnsutviklinga og fylkeskommunen si rolle som styresmakt og samfunnsutviklar. Der kunnskapsgrunnlaget om framtidssiktene er usikre, vil førevar-prinsippet tilsei ei forsiktig tilnærming i samband med utviding av eksisterande-, eller etablering av ny verksemd som kan ha innverknad på klima og/eller naturmangfald, jf. m.a. slik dette prinsippet kjem til uttrykk i naturmangfaldslova.

Fylkeskommunen sine eigarskap er i dag delt inn i følgjande mål og underkategoriar:

1. Finansielle eller økonomiske mål:
 - Samfunnsstenleg utnytting av kraftressursane i fylket
 - Sikre at investert kapital oppnår god avkastning som samsvarar med den risikoen fylkeskommunen tek ved å ha eigardelar i eit selskap

- Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar
2. Samfunns- og næringsutvikling:
 - Delta i selskap som arbeider med fellestiltak for å utvikle næringslivet i fylket
 - Delta i investeringsselskap som bidreg med kapital til tidleg-fase verksemder i fylket
 - Delta i selskap der vi opptrer som regional utviklingsaktør og tilfører og/eller får kompetanse
 - Delta i selskap som har ansvar for å leggje til rette for særlege grupper
 3. Infrastruktur og kollektivtransport:
 - Delta i selskap for å løyse fylkeskommunale oppgåver innanfor infrastruktur og kollektivtransport.
 - Delta i selskap med infrastrukturbygging eller finansiering av infrastrukturbygging som føremål
 - Delta i selskap som legg til rette for kollektivtrafikk, t.d. gjennom å eige eller drifte anlegg for kollektivtrafikk
 - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar
 4. Opplæring
 - Delta i selskap saman med andre kommunar, fylkeskommunar og/eller private for å få utført oppgåver knytt til fylkeskommunen si rolle som opplæringsansvarleg.
 - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar
 5. Kultur
 - Delta i kulturselskap, saman med til dømes kommunar, for å vere med på å styre selskapa i ønskja retning, i samsvar med fylkeskommunen sin kulturpolitikk og for å legge til rette for kultur og kulturtilbod i fylket
 - Delta i selskap saman med andre fylkeskommunar og kommunar for å oppnå stordriftsfordelar

1.2 Når er eigarskap det rette verkemiddelet for å nå måla

Om-, og kor mykje, fylkeskommunen bør eige i selskap kjem an på om det er behov for- og ønskje om fylkeskommunal involvering for å stette eit fylkeskommunalt behov og/eller eit samfunnsbehov eller ønskja samfunnsutvikling. Vidare - om det er eigarskap som best stettar behovet, eller om det finst andre meir føremålstenlege verkemiddel.

Tilskot til private eller andre offentlege aktørar er t.d. eit økonomisk verkemiddel fylkeskommunen nyttar innan ulike område for å bidra til samfunnsutvikling i tråd med våre mål. Fylkeskommunen sine sektorpolitiske mål vert ivaretekne gjennom kvalifikasjons- og tildelingskriteria i tilskotsordninga, og gjennom vilkår for bruken av midlane. Krav til rapportering sikrar kontroll med at tilskotet vert brukt i tråd med intensjonen. Tilskotsordningar har også i seg eit element av konkurranse mellom aktuelle mottakarar; noko som betyr at fylkeskommunen kan velje det mest føremålstenlege av eksisterande alternativ, for å arbeide mot det sektorpolitiske målet. For meir om bruken av tilskot som verkemiddel, sjå fylkeskommunen sin rettleiar for tildeling av tilskot i Vestland fylkeskommune (vedteken av fylkestinget i PS 139/2022 den 14.12.22): her.

Andre alternativ er å utføre oppgåva sjølv, eller å kjøpe tenester. Å utføre oppgåvene sjølv vil ofte vere det beste alternativet der det er behov for detaljert politisk styring. Eit selskap/eit sjølvstendig rettssubjekt har, på den andre sida, kompetanse til å ta eigne avgjerder, i tråd med lovgjevinga for den aktuelle selskapsforma, vedtekter, m.m.

Sidan det å skipe- eller bli medeigar i ei selskap som regel inneber ei langvarig forplikting, bør andre verkemiddel ha vore vurdert før fylkeskommunen går vidare med eigarskapsalternativet. Frå og med 01.01.24 vil eigarskap i selskap t.d. kunne medføre utvida arbeidsgjevaransvar for fylkeskommunen, jf. arbeidsmiljølova (aml.) § 8-4. Dette gjeld typisk for tilsette i selskap der fylkeskommunen sin eigardel er minst 50 %¹. Som morføretak for selskap med minst 50 arbeidstakarar, skal fylkeskommunen m.a. etablere rammer for samarbeid, informasjon og drøfting mellom føretaka i konsernet og arbeidstakarane i konsernet. Vidare vil ikkje ei oppseiing av ein arbeidstakarar i eit dotterføretak ved overtaligheit vere sakleg, dersom arbeidstakaren kan få anna passande arbeid innanfor konsernet (dersom dette ikkje finst i dotterselskapet), jf. aml. § 15-7 tredje ledd. Oppsagte arbeidstakarar vil dessutan kunne ha fortrinnsrett til ny stilling innan heile konsernet, jf. aml. § 14-2 første ledd.

Å legge eigeidom i eit selskap kan også ha ei skatte- og avgiftsrettsleg side, som bør vurderast nøye og i eit langsiktig perspektiv før skiping.

Eigarskap kan til dømes vere aktuelt i følgjande tilfelle:

- Samarbeid med andre kommunar og fylkeskommunar om like/felles oppgåver/ansvar for å oppnå stordriftsfordelar, slik som:
 - i. Kunnskapsoverføring
 - ii. Effektiv utnytting av offentlege midlar
 - iii. Auka profesjonalitet og tenestekvalitet
- Ønskje om organisering som gjev verksemda større operasjonell, strategisk og finansiell sjølvstendigheit enn i eit forvaltningsorgan. Sameleis ved behov for fagleg uavhengigheit.
- Ønskje om å avgrense fylkeskommunen sitt ansvar. Fylkeskommunen er i utgangspunktet berre ansvarleg for den innskotne kapitalen i selskapet.
- Der marknaden ikkje aleine vil kunne sørgje for eit godt nok tilbod til innbyggjarar i ulike deler av fylket, eller berekraftig utvikling og auka/rett verdiskaping
 - i. Det er t.d. ikkje råd å få tak i privat investeringskapital (t.d. der selskapet ikkje skal/kjem til å gje avkastning på investert kapital) i oppstarts- og tidlegfaseverksemdar
 - ii. Det er behov for eit langsiktig og stabilt eigarskap
 - iii. Det er ønskje/behov for å drive med verksemd som er marknadsretta, og der statsstøtteregulverket legg føringar for finansieringa
- Det av ulike grunnar er ønskjeleg med offentleg eigarskap av omsyn til selskapet sitt samfunnsansvar (for arbeidsmarknadsbedrifter som tilbyr «skjerma» tiltak, er det t.d. krav om fylkeskommunal/kommunal eigarskap)

Kor stor eigardel fylkeskommunen skal ha i eit selskap, må koplast mot fylkeskommunen sitt mål med selskapet. Dersom fylkeskommunen først og fremst er medeigar for å oppnå samarbeid og kunnskapsoverføring treng ikkje nødvendigvis eigardelen vere så stor. Sameleis der fylkeskommunen deltek i nasjonale eller regionale selskap med mange små og likeverdige eigarar.

Der eigarane av selskapet kan tenkast å ha ulike mål eller prioriteringar for selskapet, og fylkeskommunen er avhengig av ein viss grad av kontroll over selskapet for å sikre styring i ønskja retning, bør eigardelen vere tilpassa dette.

Eigardel på over ein tredjedel gjev fylkeskommunen m.a. negativ kontroll over selskapet sine vedtekter, ved at ein kan hindre m.a. uønskta vedtektsendringar og kapitalnedsettingar. I andre tilfelle kan det vere ønskjeleg med eigardel på meir enn halvparten, t.d. for å ha avgjerande innverknad i saker om styreval og styregodtgjersle, godkjenning av årsrekneskap (inkludert utdeling av utbytte), og val av revisor og godtgjersle til revisor. Eigardel på to tredjedelar av aksjane og stemmene gir positiv kontroll i saker som krev kvalifisert fleirtal - vedtektsendringar, samanslåing eller utskiljing, aksjekapitalendring, opptak av konvertible lån og omdanning og oppløysning av selskapet. Tvangsinnløysing av andre aksjonærar krev derimot ni tidelar av aksjane. I tilfelle der fylkeskommunen har behov for å ha full kontroll over selskapet, utan å måtte ta omsyn til andre eigarar, kan eineeige vere aktuelt.

¹ Dette vil i dag omfatte Beredt AS, Bybanen AS, Det Vestnorske Teateret AS og Teater Vestland AS (sistnemnde selskap har likevel mindre enn 50 tilsette per 01.01.24). Fylkeskommunen har meir enn 50 % eigardel i fleire selskap, men desse er utan tilsette per 01.01.24.

Maktbalansen mellom ulike aksjonærer i eit selskap kan også, til ein viss grad, regulerast i selskapsvedtektene eller i ein aksjonæravtale mellom eigarane. Dette kan til dømes vere aktuelt ved samanslåing av selskapet med eit anna, slik at eigardelane vert endra, men utan at det har vore ønskjeleg å endre maktbalansen og ansvaret.

1.3 Skipinga av selskapet

Når den samla vurderinga er at eigarskap er det mest føremålstenlege verkemiddelet for å nå måla våre, så er det viktig å innrette eigarskapet på ein føremålstenleg måte. Ei vurdering av korleis, bør minimum omfatte følgjande punkt:

Eigna organisering

Organisasjonsform

Det er viktig at organisasjonsforma er gjennomtenkt og tilpassa verksemda sitt føremål, behovet for eigarstyring, marknadsmessige tilhøve og konkurranseregelverket.

Skal selskapet ta risiko og operere i ein konkurranseutsett marknad, bør ein søke å avgrense ansvaret til fylkeskommunen som eigar. I slike tilfelle kan ei organisering som aksjeselskap vere aktuell.

Der selskapet eller samarbeidet skal yte tenester til eigarane i eigenregi², kan både interkommunale selskap (fleire eigarar/deltakarar) og fylkeskommunale føretak (berre fylkeskommunen) vere føremålstenlege organisasjonsformer. Også kommunale oppgåvefelleskap kan innrettast slik at dei oppfyller vilkåra for eigenregi basert på dei ulike deltakarane sin felles kontroll over oppgåvefelleskapet.

Organisasjonsforma samvirkeføretak er særskilt aktuell der medlemene går saman av omsyn til stordriftsfordelar av økonomisk karakter, og eigarinteressene er knytt til bruken av føretaket sine varer eller tenester. Eit samvirkeføretak skal ha som føremål å ivareta medlemene sine økonomiske interesser i vid forstand.

Organisasjonsforma stifting er ikkje aktuell dersom verksemda krev eigarstyring. Stiftingar er sjølv eigande og føremålsstyrte. Stiftingar er også i prinsippet evigvarande og kan berre avviklast så framtil vilkåra for vidare drift ikkje lenger er til stades. Denne organisasjonsforma er såleis litt på sida av eigarskapsområdet, og det vert rettare å omtale desse som einingar fylkeskommunen, som stiftar, har interesser i-, eller ansvar overfor; slik som å velje styre og å uttale seg om vedtektsendringar.

Sjå vedlegg seks, for meir informasjon om ulike organisasjonsformer.

Skipingsdokument med vedtekter, strategiar og eigarskapsmelding, og avtalar mellom aksjonærer

Selskapsleiinga har ansvaret for å drive verksemda, og fylkeskommunen bør vere varsam med å involvere seg i selskapa si styring, så framtil selskapsleiinga styrer selskapet i tråd med relevant regelverk, og dei ytre rammene fastsett av eigarane i skipingsdokument/vedtekter/selskapsavtale, og vedtak i det øvste organet i selskapet.

Som eigar må fylkeskommunen sørge for at selskapet vert utstyrt med høvelege vedtekter eller selskapsavtale i tråd med krav i selskapslovgjevinga, og som også utfyller selskapslovgjevinga der det er høve til- og behov for det.

Som offentleg organ kan fylkeskommunen t.d. ha behov for å få innkalling til generalforsamlingar og representantskapsmøte tidlegare enn det lova i utgangspunktet legg opp til, eventuelt informasjon om planlagde ekstraordinære saker som krev politisk handsaming i fylkeskommunen før utsending av sjølv innkallinga. For meir om kva saker som krev politisk handsaming sjå punkt 3.3. Som eigar bør fylkeskommunen også sikre seg gode rammer for styrevalsprosessar, t.d. ved å vedtektsfeste ordning

² Der eit selskap i all hovudsak yter tenester mot eigarane eller deltakarane, og der eigarane/deltakarane har kontroll over selskapet, anten aleine eller saman, kan eigarane sin bruk av selskapet sine tenester vere unnateke regelverket for offentlege innkjøp. Unntaket går fram av forskrift om offentlege anskaffingar kapittel 3.

med valkomité (bruk av valkomité er ikkje er lovregulert), og ved å sikre seg at ikkje alle styremedlemene er på val samstundes.

Fylkeskommunen kan også vurdere om det er aktuelt å stille konkrete klimakrav til selskapet; til dømes krevje at selskapet har retningslinjer, prinsipp, prosedyrar og standardar for korleis verksemda tek omsyn til det ytre miljø ut frå verksemda sin eigenart, marknaden selskapet opererer i og kva miljøteknologi som er tilgjengeleg. Slike krav må vurderast konkret i det enkelte tilfellet. Storleiken på eigardelen fylkeskommunen planlegg å erverve vil spele inn i vurderinga av kva krav som kan stillast. Sjå elles punkt 2.3 om forventningar knytt til samfunnsansvar og etikk.

Kommunelova set krav til at eigarskapsmeldinga skal seie noko om fylkeskommunen sine føremål med å eige/delta, og fylkeskommunen sitt føremål med å eige i det einskilde selskapet går fram av eigarskapsmeldinga del II. Fylkeskommunen stiller også krav til selskapsdrifta- og styringa i eigarskapsmeldinga.

For nokre selskap kan det vidare vere føremålstenleg å utarbeide særskilte eigarstrategiar, der fylkeskommunen som eigar utdjuvar kva mål vi har med- og for selskapet, kva krav og forventningar vi har til selskapet og kva selskapet skal kunne forvente frå eigar/ane.

Dei ulike krava vert formidla til selskapet med ei oppmoding om tilslutning, eventuelt ved å gjennomføre nødvendige tiltak. Det er generalforsamlinga som har mynde til å slutte seg til krava.

Ved behov kan tilhøvet mellom eigarane av eit aksjeselskap regulerast i ein aksjonæravtale. Denne gjeld mellom eigarane, eller nokre av desse, og ikkje mellom eigarane og selskapet.

Risiko, kostnad og nytte

Før fylkeskommunen går inn som eigar i eit selskap, bør det gjennomførast ei risiko-, kostnads- og nyttevurdering, der ein som eit minimum vurderer finansiell risiko, risiko for at selskapet ikkje klarar å etterleve offentlege standardar innanfor innkjøpsreglement, habilitet, openheit og etikk, i tillegg til risiko for negativ påverknad på miljø og klima. Vurderinga bør også ta føre seg arbeidstakarrettslege tilhøve.

Der grunngjevinga for å bli eigar handlar om stordriftsfordelar og/eller kunnskapsoverføring og auka kvalitet, bør det føreligge ein langsiktig plan for innsparingspotensial, fordelar og ulemper, osb.

Det vil vere relevant å ta stilling til om selskapet vil kunne bli sjølvfinansierande, og vidare om fylkeskommunen skal forvente utbyte frå selskapet (dette er berre mål for eit fåtal selskapa våre) .

Tidshorisont

Når fylkeskommunen vurderer å gå inn som eigar i eit selskap, er det nyttig å tenkje gjennom kva tidshorisont eigarskaperen skal ha, med tanke på fylkeskommunen sitt mål med engasjementet. Fylkeskommunen sitt mål kan m.a. vere å gje selskapet stabilitet i ein krevjande oppstartsfase.

I mange tilfelle kan det vere føremålstenleg å lage seg ein plan, ein «utgangsstrategi», med føringar for når fylkeskommunen skal starte prosess for avvikling av eigarskaperen, t.d. ved å fastsette ein ønska utgangs- eller avviklingsdato, eller ved å konkretisere føresetnader som må realisere seg/ikkje realisere seg, for at fylkeskommunen skal vedta å gå ut.

Eit konkret døme er Sarsia Development AS, eit selskap skipa av ulike aktørar for å sikre kommersialisering av tilleggsidrar frå Universitetet i Bergen, der eigarane hadde ei målsetjing om at investeringane skulle seljast etterkvart som dei lukkast i si kommersialisering. I tillegg hadde selskapet vedtektsfesta ein endeleg sluttdato. På tidspunktet for sluttdatoen vart eigarane samde om at selskapet trengte meir tid, og at ei avvikling på nemnde tidspunkt ville medføre tap. Selskapet har sidan arbeid etter ei målsetting om å avvikle selskapet så raskt som råd - på ein måte som i størst mogleg grad skal ta vare på aksjonærfellesskapets verdier - og utan nye investeringar. Som ledd i dette fekk Vestland fylkeskommune, og andre eigarar med mindre enn 5 % eigardel, tilbod om å bli kjøpt ut i 2022. Fylkeskommunen vedtok sal av aksjane sine i politisk sak for fylkesutvalet nr. 204/2021. Andre eigarar skulle overta deler av Sarsia Development AS si portefølje.

Eit anna døme er Fjord Invest Såkorn AS, der fylkeskommunen sitt mål har vore at selskapet etter kvart skulle få fleire private investorar med på laget, noko selskapet har gjort, men gjennom eit nytt selskap som då kan gje dei private eigarane utbyte. Fylkeskommunen er framleis med i det opphavlege fondet/selskapet, saman med andre eigarar som ikkje skal ha utbyte.

Med ein utgangsstrategi har ein noko å knyte vurderinga om vidareføring av eigarskap, eller ikkje, opp mot, og situasjonen vil vere meir føreseielege både for fylkeskommunen, andre eigarar og for selskapet.

I ein utgangsstrategi kan fylkeskommunen t.d. ha som føring å vurdere avvikling dersom:

- dei opphavlege føresetnadane/målet med eigarskapet ikkje lenger er til stades
- eit tiltak har utvikla seg så positivt at det er "sjølvgåande" utan fylkeskommunal eigarskap, og/eller andre med fordel kan overta eigarskapet og ansvaret, fordi det er sannsynleg at desse er betre eigna til å utvikle selskapet vidare
- selskapet opptre i strid med det vedtektsfesta føremålet, tek ikkje samfunnsansvar, og/eller opptre på ein måte som ikkje er i samsvar med fylkeskommunen sine verdiar
 - og fylkeskommunen ikkje får styrt selskapet i rett/ønskja retning
- selskapet har gjort seg skuldig i straffbare handlingar, til dømes miljøkriminalitet, korrupsjon, brot på menneskerettar eller arbeidstakarrettar
 - og fylkeskommunen ikkje får retta opp i tilhøva

1.4 Velje styre til å forvalte selskapet

Ved å legge verksemd til-, eller utføre oppgåver gjennom, eit selskap, så vert verksemda skilt ut til eit anna sjølvstendig rettssubjekt som skal styrast innanfor nærmare bestemte selskapsrettslege rammer, og med ei rollefordeling som skil seg frå verksemd som er del av fylkeskommunen som rettssubjekt.

Som eigar har fylkeskommunen framleis ei viktig overordna styringsrolle, gjennom den mynda som er lagt til eigarane i generalforsamlinga, men ansvaret for å forvalte selskapet ligg etter lova, t.d. aksjelova, til eit styre. Ei av eigar sine mest sentrale oppgåver er derfor å sørge for at selskapet, til ei kvar tid, har eit høveleg samansett styre med den kompetansen selskapet treng for å drive føremålsretta, og på ein slik måte som høver seg for offentleg eigde selskap. Eigar kan endre styresamansetjing uavhengig av valperioden, men bør ta omsyn til behovet for kontinuitet og vidareføring av kompetanse.

Proessen rundt eigarorganet sine val av styrekandidatar bør vere forsvarleg og gjennomtenkt, og handle om kompetanse og personlege eigenskapar. Av den grunn tilrår KS bruken av eigne valkomitear i selskap, som står for arbeidet med å finne og innstille eigna kandidatar overfor eigarane i generalforsamlinga. Ein valkomité vil vere særleg nyttig der selskapet har fleire eigarar, og det er behov for å i fellesskap kome fram til eigna kandidatar. Sameleis der verksemda er relativt kompleks eller det er behov for særskilt kompetanse eller erfaring. Der fylkeskommunen er eineiegar i selskap, er det ikkje sikkert behovet for å bruke valkomité er like stort, men dette kan variere frå selskap til selskap.

Ordninga med valkomité er ikkje lovregulert og bør vedtektsfestast. KS tilråd vidare at generalforsamlinga eller representantskapet vel leiar av valkomiteen. I selskap med fleire eigarar bør valkomiteen si samansetjing spegle eigardelane.

Valkomiteen bør ha dialog med styret, eigarane og dagleg leiar, før komiteen utarbeider innstilling til eigarorganet. Innstillinga skal vere grunngjeven og skriftleg.

I arbeidet med å sørge for god samansetjing og kompetanse i styret er det viktig å ta omsyn til:

- kva kompetanse og kapasitet selskapet har behov for, og som ein derfor forventar av styremedlemene
 - t.d. innan økonomi, organisasjon, den aktuelle marknaden, faget, osb.
- styremedlemer som evnar å opptre uavhengig både av eigarar, dagleg leiar og av andre selskapet har med å gjere t.d. som oppdragsgjevar eller leverandør
 - medlemer av folkevalde organ kan ha relevant erfaring og kompetanse for styreverv, men det er i så fall viktig å vurdere kor ofte vedkomande kan bli inhabil og om det derfor vil vere lite føremålstenleg å velje den aktuelle personen. Det same vil gjelde for administrativt tilsette.

- andre relevante omsyn å legge vekt på i denne samanhengen er kapasitet – vervet som folkevald vil også kunne vere tidkrevjande, og bør gå føre ved behov for prioritering
- som offentleg eigar er det viktig å opptre ryddig i denne samanhengen, og på ein slik måte som innbyr til tillit hjå innbyggjarane
 - som forvaltningsstyresmakt bør fylkeskommunen så langt som råd unngå uheldige rollekombinasjonar som kan gå ut over-, eller på tvers av, rolla som folkevald eller som administrativt tilsett
- krav til- eller mål om kjønnsbalanse og/eller mangfald

Styreverv er personlege, og styremedlemer i selskap representerer berre seg sjølve og skal vere lojale mot selskapet og arbeide i tråd med selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Styremedlemer representerer verken eigar, politiske parti eller andre særinteresser.

1.5 Velje eigarrepresentantar

Eigarstyringa skjer i selskapet sitt eigarorgan, og der møter fysiske personar på vegner av eigarane. Selskapsregelverket fastset ikkje kven som skal representere fylkeskommunen i slike møte, og fylkestinget, eller den/det fylkestinget har delegert oppgåva til, må derfor oppnemne og gje fullmakt til den som skal møte for fylkeskommunen.

KS tilrår oppnemning av sentrale folkevalde som eigarrepresentantar, men dersom føremålet med selskapet er å utføre reine driftsoppgåver, kan det, ifølgje KS, også vere føremålstenleg at tilsette i administrasjonen representerer fylkeskommunen i eigarorganet.

Gjennom Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5, har fylkestinget bestemt følgjande på fast basis:

«Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte.»

Der fylkesordførar eller fylkesvaraordførar ikkje kan møte sjølve, vil det vere naturleg at hovudutvalsleiarane for fagområdet selskapet sorterar under representerer fylkeskommunen med fullmakt frå fylkesordføraren.

For IKS, interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefelleskap må fylkestinget velje faste representantar i tråd med kommunelova sine reglar. Her er det ikkje råd å delta med fullmakt, og for IKS er det derfor krav om val av minst to varamedlemer per representantskapsmedlem. Det same bør leggst til grunn for kommunale oppgåvefelleskap og interkommunale politiske råd.

Når fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarrepresentant, representerer han eller ho det politiske fleirtalet. Sjå meir om eigarrepresentanten si rolle under punkt 3.2.

2. Forventningar til selskapa

2.1 Regelverksetterleving og forsvarleg drift

Selskap, samarbeid og samvirkeføretak fylkeskommunen har eigarskap i/deltek i skal følgje dei lovene og reglane som gjeld for selskapet/samarbeidet/føretaket. Under følgjer ein nærmare omtale av særskilte tema:

Økonomistyring og rekneskap

Fylkeskommunen forventar at leiinga i selskapet syter for ei forsvarleg forvaltning av selskapet sin økonomi, og at rekneskap vert ført i tråd med gjeldande krav og tilrådde bransjestandardar.

Selskapet bør ha ein eigenkapital som er tilpassa mål, strategi og risikoprofil. For aksjeselskap legg fylkeskommunen til grunn at kravet om forsvarleg eigenkapital og likviditet vert etterlevd. Dersom det er

grunn til å tru at eigenkapitalen er lågare enn forsvarleg ut frå risikoen ved- og omfanget av verksemda, forventar fylkeskommunen at styret innan rimeleg tid kallar generalforsamlinga inn til møte for å gjere greie for den økonomiske stillinga til selskapet og adekvate tiltak for å betre den.

Fylkeskommunen forventar at selskapsleiinga kjem med forsvarlege tilrådingar når det gjeld utdeling av utbytte til eigarane. Dersom styret skal få fullmakt til å dele ut utbytte³, så bør avgjerda om dette grunngjevast særskilt.

Verken generalforsamlinga, styret eller dagleg leiing i eit aksjeselskap kan ta avgjerd om å gje ein eller nokre aksjeeigarar ein urimeleg fordel som andre aksjeeigarar eller selskapet må bere kostnaden for.

Rapportering

Fylkeskommunen forventar at selskapa rapporterer i tråd med gjeldande krav i rekneskapslova. Fylkeskommunen ber også mindre føretak, som ikkje har ei plikt til å utarbeide årsmelding⁴, kort greie ut om viktige hendingar i rekneskapsåret, selskapet sine planar for komande år, og korleis selskapet driv i tråd med samfunnsansvaret sitt.

For fylkeskommunen er det særleg viktig at selskapa rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, (i hovudsak) gjennom årsrapporteringa og eventuelt i eigarmøte. Selskapet sin klima- og miljøpåverknad skal omtalast, gjerne ved å legge ved klimarekneskap. For meir om dette, sjå punkt 2.3.

Der fylkeskommunen er eigar av eit morselskap, og fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapen er knytt til verksemda i eitt eller fleire dotterselskap, forventar fylkeskommunen rapportering om verksemda i dotterselskapet/a.

Særskilte rapporteringskrav for nokre av selskapa går i tillegg fram av eigne strategiar for selskapa.

Saksbehandlingsreglar og tilrettelegging

Fylkeskommunen forventar at selskapa vert leia og styrte i tråd med gjeldande sakshandsamingsreglar.

Der møte vert gjennomført elektronisk, skal styret sørkje for at det føreligg system som sikrar at lova sine krav til generalforsamling/representantskapsmøte er oppfylte.

Eigarskapsutøving skal skje i eigarorganet til selskapet, og styret bør legge til rette for at flest moglege eigarar kan utøve sine rettar ved å delta i eigarorgansmøte i selskapet ved mellom anna å sørkje for at:

- planlagt møtedato vert avtalt eller varsla om så tidleg som råd
- innkalling og saksdokument til generalforsamlinga/representantskapet, inkludert valkomiteen si innstilling, blir gjort tilgjengelege innanfor fristar i mellom anna aksjelova og lov om interkommunale selskap (IKS-lova), eller innanfor dei fristane som er fastsette i vedtektene til selskapet eller i vedtekne eigarstrategiar for selskapet
- saker som ein eller fleire av eigarane må handsame særskilt, t.d. vedtektsendringar, vert lagt fram for eigarane i god tid før møte i eigarorganet
- saksdokumenta gjev eigarane reell moglegheit til å ta stilling til alle saker som skal handsamast
- saker eigar bør kjenne til vert lagt fram for/ løfta opp til eigarorganet
- styret, valkomiteen og revisor er til stades i møtet ved behov
- møtet vert korrekt protokollert og eigarane får tilgang til signert protokoll snarast råd etter møtet
- eigar får høve til å delta elektronisk, jf. t.d. aksjelova § 5-8 (3) bokstav b og IKS-lova § 9 fjerde ledd

³ Frå 1. juli 2013 vart det opna for at generalforsamlinga kan gje styret fullmakt til å dele ut utbytte.

⁴ I 2017 vart rekneskapslova endra slik at plikta til å utarbeide årsmelding ikkje lenger gjeld for små føretak, sjå lov 15. desember 2017 nr. 105 om endringar i rekneskapslova mv. (forenklingar). Dersom det er usikkerheit om fortsett drift, må føretaka opplyse om dette i notane i rekneskapen.

Fylkeskommunen ber selskapa sende innkallingar o.l. både til fylkeskommunen sin eigarrepresentant⁵ og til fylkeskommunen sitt postmottak⁶. Selskap omfatta av koml. § 23-6 vert også oppmoda om å sende innkalling direkte til fylkeskommunen sitt kontrollutvalssekretariat.

Reglar for offentleg eigde selskap

Offentleg eigde selskap er omfatta av verkeområdet til **offentleglova** når det offentlege, direkte eller indirekte, har ein eigardel som gjev meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, eller det offentlege, direkte eller indirekte, har rett til å velje meir enn halvparten av medlemene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet, jf. offentleglova § 2. Lova gjeld likevel ikkje for rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med- og på same vilkår som private.

Offentleg eigde selskap kan også vere omfatta av regelverket for **offentlege innkjøp**, jf. forskrift om offentlege anskaffingar § 1-1 jf. § 1-2. Regelverket gjeld ved inngåing av vare-, teneste- eller bygge- og anleggskontraktar, eller ved gjennomføring av plan- og designkonkurransar, vurdert til å ha ein verdi på minst 100 000 kr eksklusiv meirverdiavgift, når oppdragsgjevar er statlege eller fylkeskommunale/kommunale styresmakter, offentlegrettslege organ eller samanslutningar av desse.

Eit offentlegrettsleg organ er eit organ som er oppretta for å tene allmenta sine behov, og ikkje er av industriell eller forretningsmessig karakter, er eit sjølvstendig rettssubjekt og har tilknytning til det offentlege ved at organet hovudsakleg er finansiert av det offentlege, er under offentleg leiarkontroll, eller organet har eit administrasjons-, leiings- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemene er oppnemnt av det offentlege.

Vidare kan det vere **lovkrav om kjønnsbalanse** i styret. Det er for det første krav om representasjon av begge kjønn i styra i kommunalt kontrollerte aksjeselskap, det vil seie der kommunar og/eller fylkeskommunar eig minst to tredelar av aksjane i selskapet. Kravet er lovfesta i kommunelova § 21-1, som syner til at aksjelova § 20-6, om kjønnsbalanse i statsaksjeselskap, gjeld.

Aksjelova § 20-6 syner til at nye § 6-11 a andre og tredje ledd gjeld tilsvarende, og desse lyder slik:

«2) Har styret tre eller flere medlemmer, skal kjønns sammensetningen i styret oppfylle følgende krav:

1. Har styret tre eller fire medlemmer, kan maksimalt to styremedlemmer ha samme kjønn.
2. Har styret fem eller seks medlemmer, kan maksimalt tre styremedlemmer ha samme kjønn.
3. Har styret syv medlemmer, kan maksimalt fire styremedlemmer ha samme kjønn.
4. Har styret åtte medlemmer, kan maksimalt fem styremedlemmer ha samme kjønn.
5. Har styret ni eller flere medlemmer, kan maksimalt 60 prosent av styremedlemmene ha samme kjønn.

3) Annet ledd gjelder tilsvarende for varamedlemmer».

Frå og med 01.01.24 er det også innført eit lovkrav om kjønnsbalanse i styre i aksjeselskap med samla inntekter på meir enn 50 mill. kr, eller som har meir enn 30 tilsette. Sjå aksjelova §§ 6-11 a og 6-11 b. Også lov om stiftingar er omfatta av regelverksendringa, og der fylkeskommunen peiker ut ein eller fleire medlemmer til stiftinga, så skal maksimum 60 % av styremedlemene ha same kjønn.

For interkommunale selskap er det krav om tilnærma 40 % kjønnsrepresentasjon i styra. Dette følgjer av IKS-lova § 10 jamfør aksjelova § 20-6.

Fylkeskommunen tilrår at eigarorganet, uavhengig av organisasjonsform og lovkrav, forsøker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styra.

Opggåva med å sikre selskapet eit lovleg samansett styre, kan med føremon ivaretakast av ein valkomité, som skal ha søkelys på styret si samla samansetjing. For meir om valkomiteen si rolle, sjå punkt 1.4 og 2.2.

⁵ Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren er fylkeskommunen sine valde eigarrepresentantar.

⁶ Kontaktinformasjon er tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider. Fylkeskommunen sender også årleg ut informasjon om dette i samband med utsending av eigarskapsmeldinga.

Vidare er heileigde fylkeskommunale selskap og selskap der fylkeskommunen har meir enn halvparten av stemmene i det øvste organet i rettssubjektet, med unntak av selskap som driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private, omfatta av delar av **språklova**.

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Det er viktig å merke seg at sjølv om lova gjeld fleire typar organ og aktørar, medfører lova ulike plikter for ulike aktørar. Kommunar og eksterne aktørar er ikkje omfatta av reglane i §§ 12–18. For selskap og stiftingar er den mest relevante plikta difor det som går fram av føremålsregelen, om å ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk, og då særleg nynorsk, sidan det er det minst bruka skriftspråket. Plikta i § 9 til å bruke klart språk er også viktig. Det same gjeld § 10 om plikta til å følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk. Dersom det offentlege har gitt private aktørar mynde til å gjere enkeltvedtak eller vedta forskrift, vil språklova også gjelde for dei i den samanhengen.

Fylkeskommunen har utarbeidd overordna retningslinjer for språk i fylkeskommunen, og vår eigen språkprofil, som vi oppmodar selskapa om å nytte der det passar seg slik. Språkprofilen er tilgjengeleg på fylkeskommunen sinn nettstad, [her](#).

2.2 Organisering, honorering og styringsgrunnlag

Generalforsamling, representantskap, årsmøte m.m.

Generalforsamlinga i eit aksjeselskap og representantskapet i eit interkommunalt selskap er døme på eit selskap sitt øvste organ/eigarorgan. Eigarorganet har ansvaret for den overordna styringa av selskapet, t.d. vedtaking av årsrekneskap, og deltek ikkje i den daglege forvaltninga av selskapet.

Styre

Forvaltninga av aksjeselskap og interkommunale selskap (IKS) m.v. ligg til styret. Styret har m.a. ansvaret for å organisere verksemda på ein forsvarleg måte, for å fastsette planar for verksemda, for å halde seg orientert om selskapet si økonomiske stilling, og for at verksemda, formueforvaltninga og rekneskapa er under kontroll. Styret skal også føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Det er viktig at arbeidsfordelinga mellom styret og dagleg leiar er klar.

Styret er ansvarleg for at selskapet vert forvalta i samsvar med selskapsføremålet og eigarane sine vedtekne forventningar. Fylkeskommunen legg til grunn at selskapa rapporterer om vesentlege tilhøve og hendingar. Dersom selskapa avvik frå fylkeskommunen sine vedtekne forventningar, noko det kan vere gode grunnar for å gjere, forventar fylkestinget at selskapa forklarar dette («følg eller forklar»-prinsippet).


Styreverv i selskap er eit personleg verv. Den einkilde styremedlemeren er ikkje representant for den som har nominert/peikt ut medlemeren. Styremedlemer skal ivareta selskapet sine interesser til beste for alle eigarane. Styremedlemer bør vere uavhengige og ikkje ha økonomisk eigeninteresse i selskapet. Dei bør derfor ikkje ta på seg særskilde oppgåver for det aktuelle selskapet i tillegg til styrevervet. Sjå meir om dette i punkt 1.4.

Styremedlemer i morselskap bør ikkje sitte i styret til dotterselskap, fordi styret i morselskap er generalforsamling i dotterselskap. Dette er viktig for å unngå rolleblanding i konsernforhold. Konserndirektøren kan vere representert i styra i dotterselskapa.

Personar som sit i styre må alltid vurdere habiliteten sin opp mot dei sakene styret skal handsame, og bør seie ifrå til organet dersom det kan føreligge habilitetsrettslege problemstillingar.

Styret bør med jamne mellomrom evaluere eige arbeid og vurdere behovet for opplæring i styrearbeid for selskapet.

Selskapet må ha eit styre– kva er så styret sitt ansvar



Styret eller den enkelte styremedlema kan bli erstatningsansvarleg dersom styret eller den enkelte kan lastast for noko som har gjeve selskapet eit økonomisk tap



Figur 2 Illustrasjon som framhevar styret sitt ansvar når det gjeld å halde seg innanfor ytre rammene, for å forvalte selskapet på ein forsvarleg måte og før å føre tilsyn med den daglege leiinga.

Valkomit 

Fylkeskommunen tilr r selskap med fleire eigarar,   etablere og vedtektsfeste ei ordning med valkomit . Generalforsamlinga/representantskapet b r i tillegg fastsette retningslinjer for valkomiteen, velje leiar og medlemmer, og fastsette eventuell godtgjersle for komiteen⁷. Sj  meir om godtgjersle under, og meir om etablering av valkomit  i punkt 1.4.

Valkomiteen si samansetjing b r reflektere eigardelane i selskapet, og medlemene b r vere uavhengige av styret og leiande tilsette.

Valkomiteen skal finne og f resl  kandidatar til styret i selskapet. Komiteen b r jobbe langsiktig og bruke god tid p    kartlegge eigna styrekandidatar med den rette kompetansen og dei rette personlege eigenskapane. Valkomiteen m  ogs  ivareta lovkrav, slik som krav om kj nnsbalanse.

Det er s rs viktige at komiteen, i sitt arbeid med   f resl  kandidatar til styret, har god kontakt med fylkeskommunen si eiga valnemnd, slik at fylkeskommunen si valnemnd f resl  styremedlemer som stettar selskapet sine behov, jf. over. Dersom det er behov for at fylkeskommunen f resl  alternative kandidatar til eit verv, t.d. for   sikre den samla kj nnsbalansen i styret, b r valkomiteen informere valnemnda om dette.

Det er vidare viktige at komiteen, i innstillinga til generalforsamlinga/representantskapet, grunnleggjv forslaga sine og gjer greie for nominasjonsprosessen. Grunnleggvinga b r m.a. innehalde informasjon om kandidaten sin kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. Ved attval b r grunnleggvinga opplyse om kor lenge kandidaten har vore styremedlem og om vedkomande si faktiske deltaking i styrem ta. Der kandidatforslaga kjem fr  fylkeskommunen si eiga valnemnd, skal forslaga vere grunnleggjevne skriftleg, jf. den fylkeskommunale valnemnda sine retningslinjer.

Godtgjersle for styreverv og eventuelt andre verv

Eigarorganet i selskapet, t.d. generalforsamlinga, fastset godtgjersla for styreverv, fortrinnsvis etter tilr ding fr  selskapet sin valkomit .

Fylkeskommunen vurderer godtgjersla til styrande organ i kvart enkelt selskap konkret f r m tet i eigarorganet. For selskap der fylkeskommunen eig meir enn 50 prosent, vil fylkeskommunen i praksis ha det avgjerande ordet.

⁷ Arbeidet med   innstille kandidatar til styre er viktig, og det vert etterkvart meir vanleg   godtgjere dette arbeidet.

Følgjande prinsipp og utgangspunkt skal ligge til grunn for fylkeskommunen si stemmegjeving i saker om godtgjersle:

- Godtgjersla for styrevervet bør reflektere styremedlemer sitt ansvar, i tillegg til styremedlemer sin kompetanse, forventa tidsbruk og verksemda sin kompleksitet, jf. NUES⁸ sine anbefalingar for eigarstyring og selskapsleiing. Godtgjersla til styret skal ikkje vere resultatavhengig.
- Styreleiar bør på grunn av det ekstra arbeidet leiarvervet medfører ha noko høgare godtgjersle enn andre styremedlemer.
- Godtgjersla i selskap som opererer i ein risikoutsett marknad bør reflektere dette ansvaret. Det er ikkje mange av selskapa fylkeskommunen har eigarinteresser i, som fell inn under denne kategorien. Generelt skal det mykje til for at styremedlemer vert erstatningsansvarleg og endå meir for at dei pådreg seg straffeansvar. Per i dag har fylkeskommunen dessutan kjøpt styreansvarsforsikring for styremedlemer i aksjeselskap der fylkeskommunen eig 50 prosent eller meir, og dette eliminerer styret sitt eventuelle økonomiske ansvar i desse selskapa⁹.
- Godtgjersla skal gjennomgåande vere nøktern og moderat. At mange av selskapa er heilt eller i det vesentlege offentleg eigde, og ofte hovudsakleg finansierte med offentlege midlar, tilseier eit moderat nivå. I nokre tilfelle kan det vere behov for å tiltrekke seg særskilt kompetanse i styret. I vurderinga av om dette er naudsynt, må det spele inn kva positiv innverknad kompetansen er meint å ha på selskapet si verdiskaping og på verksemdsstyringa.
- I den grad styremedlemerne skal ha møtegodtgjersle i tillegg til den faste godtgjersla, bør møtegodtgjerslesatsen liggje rundt same nivå som fylkeskommunen sin sats for møtegodtgjersle, som fram til 01.05.24 er 1655 kr per møte.
- Godtgjerslene bør justerast årleg i tråd med endringa i Statistisk sentralbyrå sin konsumprisindeks, om ikkje styregodtgjersla i selskapet ligg urimeleg lågt eller høgt.
- Der medlemeren har tapt arbeidsforteneste og/eller har reiseutgifter, bør selskapet kunne kompensere for dette i tråd med fylkeskommunen sine satsar.
- Der fylkeskommunen har valt eller foreslått folkevalde i Vestland fylkeskommune til styreverv o.l., så vert samla godtgjersle frå ulike verv, som overstig fylkesordføraren si faste godtgjersle, trekt frå vedkomande si godtgjersle frå fylkeskommunen. Folkevalde rapporterer sjølv til administrasjonen om samla godtgjersle frå ulike verv.

Fylkesordføraren si faste godtgjersle er 120 % av ein stortingsrepresentant si godtgjersle. Fram til 01.05.24 utgjer dette 1 328 628 kr. Sjå forskrift for økonomisk godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune § 2-6.

- I dei tilfella generalforsamlinga/representantskapet har valt tilsette i fylkeskommunen til styreverv i selskap, og desse får høve til å utføre vervet i fylkeskommunal arbeidstid, skal styregodtgjersla utbetalast til fylkeskommunen.¹⁰

Uavhengig av kven som godtgjer styremedlemeren, har styremedlemeren ei lojalitetsplikt overfor selskapet, og skal legge selskapet sitt beste til grunn ved utøvinga av vervet, jf. aksjelova § 6-12 og IKS-lova § 13.

- Vurderingane over gjeld tilsvarende for ei eventuell godtgjersle til medlemene av selskapet sin valkomité.

⁸ «Norsk utvalg for eierstyring og selskapsledelse»

⁹ Styremedlemer i aksjeselskap der fylkeskommunen eig minimum 50 % av aksjane, er forsikra i Riskpoint (frå og med 01.01.24). Forsikringssummen er 50 mill. kr per skadetilfelle.

¹⁰ Det same gjeld når tilsette er styremedlemer i stiftingar og får høve til å utføre vervet i fylkeskommunal arbeidstid.

Styringsgrunnlag - dokument, prosedyrar og rutinar

Selskapet skal ha oppdatert og tydeleg styringsgrunnlag (vedtekter, selskapsavtale m.m.), og skal drivast i tråd med dette. Innanfor rammene av vedtektene/selskapsavtalen bør selskapet ha uttrykt klare mål og strategiar for verksemda, t.d. i ein selskapsstrategi.

Det bør føreligge skriftleggjorte arbeidsinstruksar/prosedyrar og rutinar for ulike arbeidsprosessar. Desse vil også vere sentrale når det skal førast tilsyn med og gjennomførast evaluering av selskapsforvaltninga.

Styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og føremålstenlege system for risikostyring. Internkontrollen og systema bør også omfatte selskapet sine retningslinjer for korleis omsyn til omverda er integrert i verdiskapinga.

Det bør også fastsettast retningslinjer for kontakt mellom selskapet og aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES¹¹. Sjå kapittel 3 om korleis fylkeskommunen skil mellom utøving av eigarmyndte og meir uformell informasjonsutveksling med selskapet.

2.3 Samfunnsansvar og etikk

Fylkeskommunen er som eigar oppteken av at selskapa tek samfunnsansvar og driv verksemda si i tråd med kva som er etisk forsvarleg.

Fylkeskommunen har både generelle og meir spesifikke forventningar til selskapa når det gjeld samfunnsansvar¹².

Fylkeskommunen forventar generelt at selskapa:

- vert drivne slik at dei i det store og heile gjev eit positivt bidrag til samfunnet
- stiller seg opne overfor alle som har legitime interesser knytt til verksemda
- sameinar økonomi og etikk i alle deler og ledd av verksemda
- medverkar til utvikling som tener eit berekraftig miljø og langsiktige utviklingsinteresser
- opptre ansvarleg og langsiktig i omstillingsprosessar der ein skal ta omsyn til sårbare lokalsamfunn
- har rimeleg ambisjonsnivå for satsing på forskning og utvikling
- arbeider systematisk og trygt med helse, miljø og tryggleik
- arbeider aktivt for likestilling i verksemda og i styret
- har ei medviten haldning til rekruttering av personar med ulik type minoritetsbakgrunn, også t.d. menneske med nedsett funksjonsevne. Når det gjeld menneske med nedsett funksjonsevne, så forventar fylkeskommunen at selskapa har høg merksemd på det særlege ansvaret offentleg eigde verksemdar har for å bidra til sosial berekraft gjennom inkludering i arbeidslivet, og at selskapa omtalar inkluderings- og tilretteleggingstiltak i rapporteringa til fylkeskommunen.
- vurderer å ta inn lærlingar

Knytt til fire tematiske kjerneområde har fylkeskommunen slike spesifikke forventningar:

Klima og naturmangfald

- etterlever nasjonale og internasjonale miljøkrav
- gjennomfører grep for å redusere negativ miljøpåverknad
- har kompetanse til å gjennomføre naudsynte endringar i verksemda – som følgje av klimaendringar, og nasjonale og internasjonale klimatiltak – slik at verdiane i selskapet vert tekne vare på ved omstillingsbehov til beste for samfunnet
- bidra til klimaomstilling regionalt, i tråd med fylkeskommunen sine klimaambisjonar
 - levere varer og tenester med lågast mogleg klimafotavtrykk

¹¹ <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>

¹² Forventningane byggjer på internasjonale standardar som OECDs retningslinjer for fleirnasjonale selskap, FNs rettleiande prinsipp for næringsliv og menneskerettar og FNs Global Compact.

- i. gjerne ved å ha klima og miljøleing i verksemda ved bruk av nettverk og etablerte verktøy, inkludert klimarekneskap
 - tilstrebe berekraftig arealbruk, som ikkje forringar naturmangfaldet
 - legge klima og naturmangfald til grunn som premis for utvikling,
- slik at Vestland blir det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon

Menneskerettar

- respekterer, og førebygger brot på, menneskerettane, både i eiga verksemd, og overfor/ved val av leverandørar og forretningspartnarar. Selskap som handlar med eller driv forretning med aktørar i konfliktområde, må vise respekt for, og unngå å bidra til eller støtte opp under brot på internasjonal humanitærrett og folkeretten generelt. Ei etterleving av dette krev at selskapa opptrer aktsamt, og følgjer med på gjeldande signal frå norske styresmakter.

Arbeidstakarrettar

- bidreg til eit forsvarleg arbeidsliv der grunnleggjande arbeidsstandardar og -rettar vert tekne vare på, og at arbeidstakarane får ei forsvarleg løn
- legg til grunn dei åtte kjernekonvensjonane til ILO¹³, som ein minimumsstandard, for si verksemd, samt at desse vert følgde opp i verdikjeda
- opptrer ansvarleg i omstillingsprosessar og gjennomfører desse i dialog med tilsette og lokalsamfunn

Openheit kring økonomiske transaksjonar og arbeid for å hindre korrupsjon

- utviser størst mogleg grad av openheit knytt til pengestraumar, også skatt
- har retningslinjer, system og tiltak for å hindre korrupsjon, og for å handtere moglege lovbrøt eller tvilstilfelle som måtte avdekkast på dette feltet
- følgjer Transparency International Norge (TIN) sine tilrådingar, m.a. TIN sine handbøker i antikorrupsjon («Beskytt din virksomhet og «Beskytt din kommune»¹⁴)
- Fylkeskommunen forventar at selskapa er tilslutta KS sitt styrevervregister¹⁵.

Det er leiinga i selskapet som best kan vurdere korleis slike forventningar bør følgjast opp.

Fylkeskommunen forventar at selskapa gjer det klart kva som er selskapet sitt verdigrunnlag, og i samsvar med dette utarbeider offentleg tilgjengelege retningslinjer for sitt arbeid med samfunnsansvar og etikk.

Retningslinjene bør mellom anna omhandle/tilråde:

- nøkternt nivå på honorar/godtgjersle/løn, gåver, reiser og liknande til styremedlemer med fleire. Nivået på honoraret skal reflektere den reelle personlege risikoen kvar ein skild har, knytt til si rolle i selskapet, og kompetansen den det gjeld tilfører selskapet
- interessekonfliktar
- forholdet til kundar, leverandørar og konkurrentar
- forholdet til medarbeidarane
- rutinar for varsling etter arbeidsmiljølova
- ansvar for menneske, samfunn og miljø verksemda påverkar

Oppfølginga av selskapa sitt arbeid med samfunnsansvar skjer gjennom kontakt mellom eigar/ar og selskapsleiinga. Fylkeskommunen forventar at selskapa rapporterer om sitt arbeid med samfunnsansvar, med vekt på vesentlege utfordringar, mål og indikatorar for måloppnåing, (i hovudsak gjennom årsrapporteringa og evt. i eigarmøte.

Spesifikke forventningar til selskapa sine innkjøpsprosessar etter regelverket om offentlege anskaffingar

¹³ Den internasjonale arbeidsorganisasjonen (ILO) er FN's organisasjon for arbeidslivet

¹⁴ [TI_beskytt_din_virksomhet_2017_web.pdf \(squarespace.com\)](#)
[TI_kommunehandboka_2019_web.pdf \(squarespace.com\)](#)

¹⁵ [www.styrevervregisteret.no/](#). For kommunale verksemdar må generalforsamlinga først vedta å slutte seg til Styrevervregisteret. Verksemdar som ønskjer dette kan ta kontakt med registertjenester@kommuneforlaget.no.

Fylkeskommunen oppmodar dei av selskapa som er omfatta av regelverket om offentlege anskaffingar, om å la fylkeskommunen sine vedtekne «seriøsitetskrav» vere retningsgjevande for selskapa sine innkjøp etter dette regelverket.

I FT-sak 112/2021 vedtok fylkeskommunen å vidareføre gjeldande praksis med bruk av «seriøsitetskrav» i sine innkjøpskontrakter basert på «Oslo-modellen». «Oslo-modellen» tek føre seg følgjande 11 seriøsitetskrav:

1. Krav om bruk av fast tilsette
2. Krav om tariff-løn mellom oppdrag
3. Krav om faglærte handverkarar
4. Krav om bruk av lærlingar
5. Krav om avgrensa bruk av underleverandørar
6. Krav om internkontroll, tryggleik, helse og arbeidsmiljø
7. Krav om HMS-kort frå første dag og system for elektronisk mannskapsoppfølging
8. Krav om at oppdragsgjevar skal ha rett til innsyn i alle leverandøren sine forhold som har betydning for oppfølging av kontrakta
9. Krav knytt til lønns- og arbeidsvilkår
10. Krav om at all lønn m.m. skal betalast til den enkelte sin lønnskonto
11. Krav om forbod mot kontant betaling

Ei «vidareføring av gjeldande praksis» betyr at Vestland fylkeskommune sin versjon av «Oslo-modellen» har opning for lokale/nødvendige tilpassingar av krava i punkt 2 og 5. Fylkestinget har i tillegg lagt til eit nytt krav (punkt sju under) og kome med følgjande presiseringar knytt til nokre av krava:

Sitat frå vedtaket i FT-sak 112/2021:

«...2. Krav om fast ansettelse og forutsigbar arbeidstid. I den grad entreprenøren eller underentreprenøren nyttar innleigde frå bemanningsføretak, skal dei innleigde under gjennomføringa av oppdraget vere tilsett i bemanningsføretaket i tråd med arbeidsmiljølova § 14-9. Det skal dokumenterast at dei innleigde i all hovudsak er tilsett i ein stillingsbrøk som svarar til den einskilde si arbeidstid i det aktuelle prosjektet. I fall arbeidet vert utført i ei arbeidstidsordning utover 7,5 timar per dag/37 timar per veke, skal det dokumenterast at det ligg føre skriftleg avtale og arbeidsplan i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 10-5 og 14-6 j)

3. Under punkt 3 «Krav om faglærte handverkere». Krav om minimum 50% faglærde handverkarar bør vere hovudregel for alle bygg- og anleggsprosjekt i Vestland fylkeskommune. Bonusordningar vert vurdert etablert for å sikre insitamant for leverandørane til å auke talet på samla faglærde arbeidskraft. For å støtta bruken av dei mindre lokale entreprenørane, kan ein på driftskontraktar og mindre prosjekt på fylkesveg avvike frå kravet. Ein oversikt over desse kontraktane vert årleg lagt fram for fagutvalet.

4. I tråd med Oslo-modellen og saksframlegget punkt «lærlingar», vil Vestland krevje minimum 10% lærlingar på kontraktane i områder med behov for lærlingar. Innslagspunktet for lærlingekravet vil vere på 1,1 mill, dvs. statleg terskelverdi (for kommunar er innslagspunktet 1,75 mill) og 3 mnd kontraktsvarigheit.

5. Under punkt 5 «Begrensning i tal ledd underleverandørar». Fylkestinget meiner at det er ei målsetting å avgrense talet på underleverandørar i vertikal kjede, da fleire ledd med underleverandørar gjer det vanskelegare å sikre at lønns- og arbeidsvilkår er i tråd med lov og bestemmingar, samt vanskelegare å kontrollere. I påvente av nasjonalt arbeid om norgesmodell, vert gjeldande formulering på tal underleverandørar vidareført.

6. Vestland fylkesting går inn for at hovudregelen ved fylkeskommunale innkjøp er at det blir stilt krav om at det ligg føre landsdekkande norsk tariffavtale. (slik det har vore praktisert i Hordaland).

7. Menneske med nedsett funksjonsevne må få betre mogelegheiter og forpliktande rettar til å delta i arbeidslivet. Vestland vil difor være eit føregangsfylke med å gradvis bygge inn mekanismar basert på dei internasjonale CRPD -måla i seriøsitetskrava.»

Ytterlegare bakgrunnsinformasjon går fram av saksframlegg og vedlegg til FT-sak 112/2021: <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/RegistryEntry/DocumentDetails/546916?SourceDatabase=>

For meir informasjon, sjå «Seriositetskrav og etiske føresegner for leverandørar til Vestland fylkeskommune», sist revidert 14.09.23, [her](#).

Kort om utviklinga av «seriositetskrav» i nasjonal kontekst:

Det er i Noreg i dag utarbeidd mange versjonar av «seriositetskrav» hjå ulike offentlege aktørar. Av «Hurdalsplattforma» går det fram at Støre-regjeringa vil utarbeide ein Norgesmodell med nasjonale seriositetskrav for alle offentlege anskaffingar, ikkje berre innan bygg- og anlegg.

3. Eigarstyring og eigarskapsforvaltning i fylkeskommunen – korleis eige

3.1 Eigarskapsutøving og kommunikasjon

Kvar, korleis og på kva grunnlag

Om utøving av eigarmyndde

Utgangspunktet i selskapslovgjevinga, jf. t.d. aksjelova § 5-1, er at aksjonærane utøver eigarmynda si i eigarorganet – t.d. generalforsamlinga eller representantskapet.

Det er i eigarorganet eigarane gjer vedtak og fastset instruksar og liknande for selskapet. Det er lovbestemt at det skal haldast minst eitt ordinært møte i eigarorganet kvart år, der årsrekneskap, styreval, styregodtgjersle, val av revisor og andre viktige saker står på agendaen. Avgjerder om kapitalnedsetting eller -forhøging, fusjon, fisjon, godkjenning av årsrekneskap og utbetaling av utbytte er avgjerder som etter lova ligg til generalforsamlinga. Eigarorganet kan elles treffe vedtak i alle saker som gjeld selskapet, med mindre lova legg mynda til å fatte avgjerd til andre organ (t.d. bedriftsforsamlinga i selskap som har det).

Det er elles styret som vil vere ansvarleg for forvaltninga av selskapet, jf. aksjelova § 6-12, og som skal forvalte selskapet sine verdiar i samsvar med selskapet sine interesser. Styret sin kompetanse omfattar i utgangspunktet all leiding av selskapet som ikkje er lagt til andre selskapsorgan i medhald av lov, vedtekter eller generalforsamlingsavgjerder.

Som selskapet sitt øvste organ, kan eigarorganet instruere andre selskapsorgan, gjere om deira avgjerder eller treffe vedtak i sakene til andre selskapsorgan, med mindre lova eksplisitt tek frå eigarorganet dette myndet. Styret er likevel ikkje forplikta til å følgje instruksar som er i strid med lov eller vedtekter, og skal heller ikkje treffe vedtak som er i strid med likskapsprinsippet eller aksjonærfelleskapet sine interesser. Eigarane bør også vere varsame med å bruke mynda generalforsamlinga har til instruere selskapet på ein slik måte at ein endar med å undergrave den oppgåve- og ansvarsfordelinga som er lova sitt system, og som er den oppgåve og ansvarsfordelinga eigarane har lagt opp til ved å legge verksemda i eit eige selskap.

Informasjonsutveksling i eigarmøte

I tillegg til formelle møte i eigarorganet, ønskjer fylkeskommunen at det vert gjennomført jamlege eigarmøte for m.a. informasjonsutveksling, forventningsavklaringar og drøftingar. På slike uforpliktande eigarmøte, der eigarane deltek saman med selskapsleiinga og styret, kan det ikkje gjerast vedtak. Det bør likevel skrivast referat frå møta. Eigarmøta kan, av praktiske omsyn, godt leggest til same dag som det formelle eigarmøtet i eigarorganet.

Anna informasjonsutveksling

Fylkeskommunen brukar elles kvartalsresultat, årsrekneskap og årsmeldingar, anna offentleg tilgjengeleg informasjon, og informasjon tilknytt generalforsamlingar for å følgje med på utviklinga i selskapet.

Fylkeskommunen har utover dette, og innanfor ramma av selskapslovgjevinga, kontakt med selskapet si leiing som ein del av eigaroppfølginga. Gjennom denne kontakten kan fylkeskommunen, som andre aksjeeigarar, ta opp forhold som selskapa bør vurdere i tilknytning til si verksemd og utvikling. Kontakten kan dreie seg om problemstillingar knytt til samfunnsansvar, forventna utbyte, konkrete krav om tiltak for å betre lønsemd, sosiale tilhøve, kompetanse, konkurranse, kapitalbehov og selskapet sine egne moglegheiter for å hente kapital, m.m. Her vil utgangspunktet naturleg vere eigarane sine mål med eigarskapen og forventningar til selskapet. Eigar må vidare kunne følgje opp om leiinga i selskapet handlar i tråd med deira interesser, og kan krevje at selskapet rapporterer på forhold som er tekne opp med selskapet og om korleis selskapet vert styrt.

Likebehandling

I selskap der fylkeskommunen er ein av fleire aksjonærar, bør fylkeskommunen leggje vekt på å opptre slik at selskapet ikkje vert invitert til å forskjellsbehandle aksjonærane. Dette prinsippet bør likevel ikkje vere til hinder for at fylkeskommunen, som andre eigarar, kommuniserer sine synspunkt om utviklingsretning for selskapa. Slik kommunikasjon er ei viktig eigaroppgåve, og det same gjeld for samspelet mellom eigar, styre og dagleg leiar i eit selskap. Dersom desse ikkje er samde om retninga verksemda skal velje, og heller ikkje om kva forventningar partane har til resultat, kan dette stille selskapet i ein uheldig posisjon. Behovet for dialog må avgjerast konkret for kvart enkelt selskap, og må gjennomførast innanfor dei rammene som følgjer av selskapslovgjevinga, og i tråd med prinsippet om likebehandling av aksjeeigarar.

Fylkeskommunen oppmodar i punkt 2, forventningar til selskapa, selskapa til å fastsette retningslinjer for kontakt selskapet har med aksjeeigarar utanfor generalforsamlinga, i samsvar med anbefalingane til NUES¹⁶. Fylkeskommunen kan også sjølv fastsette retningslinjer for dette, t.d. i samband med utarbeiding av eigarstrategi for enkelte selskap.

Kva informasjon har eigarar rett på?

Aksjelova § 5-15 fastset at aksjeeigarane kan krevje at selskapsleiinga, på generalforsamlinga, gir opplysningar om tilhøve som kan verke inn på vurderinga av godkjenninga av årsrekneskapen og årsmeldinga, saker som er lagt fram for aksjeeigarane til avgjerd og selskapet si økonomiske stilling, under dette verksemda i andre selskap som selskapet deltek i, og andre saker som generalforsamlinga skal handsame, med mindre opplysningane ikkje kan gis utan å kunne skade selskapet, t.d. fordi det dreiar seg om forretningsløyndomar, løpande forhandlingar om kjøp og sal av verksemd, fusjonar m.m.

Generalforsamlinga sjølv, ikkje den enkelte aksjeeigar, har i kraft av å vere selskapet sitt øvste organ likevel full innsynsrett.

Særskilt om informasjonsflyt ved eigarskap i eit konsern

Fylkeskommunen har i nokre tilfelle indirekte eigarskap i selskap gjennom eigarskap i eit anna selskap, t.d. eit holdingselskap. Der fylkeskommunen sitt selskap eig over 50 % av aksjane i eit anna selskap, kallar vi dei for mor- og dotterselskapet, og saman utgjer desse eit konsern. Der fylkeskommunen eig over 50 % i eit selskap, vil også vi vere morselskap i eit konsern med dette selskapet.

Fylkeskommunen si grunngjeving for å eige i konsern vil ofte handle om verksemda i dotterselskapet/a, og fylkeskommunen vil derfor ha interesse av å få informasjon om drifta i dotterselskapet/a, ikkje berre i morselskapet.

Aksjelova gjeld for kvart enkelt selskap, og styret i det einskilde selskapet vil vere ansvarleg for forvaltninga av selskapet, jf. aksjelova § 6-12. Om krav til interaksjon mellom mor- og dotterselskap, står følgjande i aksjelova § 6-16:

«(1) Styret i et datterselskap plikter å gi styret i morselskapet opplysninger som er nødvendige for å kunne vurdere konsernets stilling og resultatet av konsernets virksomhet.

(2) Morselskapet skal underrette styret i et datterselskap om forhold som kan ha betydning for konsernet som helhet. Morselskapet skal også underrette datterselskapets styre om beslutninger som kan ha betydning for datterselskapet, før endelig beslutning treffes.»

¹⁶ <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>


Styret i eit dotterselskap pliktar altså å gje styret i morselskapet opplysningar som er nødvendige for å kunne vurdere konsernet si stilling og resultatet av konsernet si verksemd. Det er ikkje noko lovkrav om at opplysningane skal gis vidare til generalforsamlinga i morselskapet.

Dersom fylkeskommunen, og andre eigarar, ønskjer meir informasjon om verksemda i slike dotterselskap, bør dette som ei generell oppmoding eller ein instruks til styret.

Fleire av fylkeskommunen sine arbeidsmarknadsbedrifter har i seinare år gått over til konsernstruktur, og fylkeskommunen eig typisk i eit holdingselskap som har til føremål å eige m.a. selskapet med arbeidsmarknadsverksemda.

Sidan fylkeskommunen sine interesser er knytt til arbeidsmarknadsverksemda, har vi, i den felles eigarstrategien for fylkeskommunen sine åtte arbeidsmarknadsbedrifter, teke inn ei oppmoding til morselskapet om også å rapportere om verksemda og utviklinga i dotterselskapa.

Gjennom generalforsamlinga utøver aksjeeigarane den øvste mynda i selskapet



Figur 3 Illustrasjon med oversikt over ulike relevante sakshandsamingsreglar i samband med gjennomføring av generalforsamlingar og nokre av aksjeeigar sine rettar i samband med slike møte.

3.2 Eigarrepresentasjon i- og rapportering frå møte

Kven

Eigarane utøver som nemnt eigarskapen i eigarorganet – det øvste organet i eit selskap. Der eigar ikkje er ein fysisk person, må det veljast eigarrepresentant.

Fylkestinget har gjennom Reglement for fylkesutvalet¹⁷ punkt 2.1.5 peikt ut kven som skal vere fast eigarrepresentant, og som skal møte for fylkeskommunen, i eigarorgana til selskapa:

«Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær»

¹⁷ I Reglement for folkevalde organ og delegering.

Eigarrepresentantane til representantskapet i IKS er valde særskilt av fylkestinget. Det same gjeld for representantar til representantskapet i kommunale oppgåvefellesskap og interkommunale råd. I desse organa er det ikkje høve til å delta med fullmakt.

For enkelte selskap kan det vere føremålstenleg at ein representant frå administrasjonen er med eigarrepresentanten i møte. Elles er det ei føremon å avgrense møtedeltakarane til dei nødvendige.

Eigarrepresentanten bør også vere den som møter på dei meir uformelle eigarmøta, av omsyn til kontinuitet. Ein representant frå administrasjonen kan evt. møte i tillegg.

For meir om val av eigarrepresentant, sjå punkt 1.5.

Korleis veit eigarrepresentanten kva han eller ho skal stemme

Eigarrepresentanten sitt mandat går fram av fylkeskommunen sin overordna eigarskapspolitikk, det vedtekne føremålet og eventuelt eigarstrategien for det einskilde selskapet og tidlegare vedtekne standpunkt i tilsvarande einskildsaker i fylkeskommunen.

Eigarrepresentanten må gjere seg kjend med- og utøve rolla si i tråd med dette, og i tråd med det politiske fleirtalet sitt syn.

I samband med handsaminga av ekstraordinære eller sær s viktige saker, eller i andre saker der fylkeskommunen ikkje tidlegare har teke noko standpunkt, treng eigarrepresentanten instruks frå fylkesutvalet - fylkeskommunen sitt utpeikte eigarskapsorgan - før representanten stemmer over ei sak.

Døme på slike saker er ulike typar vedtektsendringar, og då særleg endring av selskapet sitt føremål, endringar som endrar tilhøvet mellom aksjeeigarane, osb. Reine språklege oppdateringar, eller kurante endringar for å få vedtektene i tråd med lovkrav, treng ikkje handsamast politisk. Administrasjonen vil likevel nødvendigvis måtte ta stilling til om det er dette dei føreslegne endringane går ut på, eller om endringane likevel kan ha større implikasjonar, eller andre uføresette konsekvensar, slik at saka likevel bør handsamast politisk.

Andre saker som vil krevje politisk instruks er saker som kan medføre endring av fylkeskommunen sin eigardel i eit selskap, t.d. gjennom kapitalauke eller kjøp og sal av aksjar.

Vidare, saker om endring av selskapsstruktur, inkludert kjøp, sal, og samanslåing av- eller med dotterselskap. Dette gjeld likevel ikkje selskapet sine kjøp eller sal av aksjar der dette er del av selskapet sitt føremål, eller saker som ikkje verkar inn på selskapet si verksemd/sitt føremål og/eller fylkeskommunen sitt føremål med eigarskapet.

I tvilstilfelle vil administrasjonen bistå eigarrepresentanten med å ta konkret stilling til om det er behov for instruks i samband med ei sak. Administrasjonen vil også bistå der det er behov for å vurdere om innkallinga, og sakshandsaminga elles, er i tråd med aksjelova sine krav.

Korleis eigarrepresentanten innhentar instruks frå fylkesutvalet

Der fylkeskommunen får informasjon om vedtektsendringar o.l. i god tid, slik vi ber om, vil fylkesdirektøren legge fram ei eiga politisk sak for fylkesutvalet før det aktuelle møtet i eigarorganet.

Dersom det ikkje er tid til å legge fram ei politisk sak før møtet, kan fylkeskommunen anten be om at møtet vert utsett, eller så kan eigarrepresentanten sjølv legge problemstillinga fram for fylkesutvalet for å få stemmeinstruks. Eigarrepresentanten skal i tilfelle melde saka inn til møteleiar åtte dagar før møtet.

Rapportering

Eigarrepresentanten har ansvar for å rapportere attende til fylkeskommunen, og skal utarbeide ein skriftleg rapport etter kvart møte. Siste frist for å sende rapporten til fylkesdirektøren, ved juridisk seksjon, er 31. juli same år som møtet har funne stad. Informasjonen i rapporten vert då teken med i oppdateringa av informasjonen om kvart einskild selskap i eigarskapsmeldinga Del II.

Rapporteringsmal følgjer som vedlegg til eigarskapsmeldinga, sjå vedlegg nr. 2. Dersom eigarrepresentanten får generalforsamlingsdokument sendt berre til seg, sender eigarrepresentanten desse vidare til fylkesdirektøren, ved juridisk seksjon. Systemet, og det som er kommunisert ut, er elles

at selskapa skal sende dokument både til eigarrepresentanten, postmottaket og til oppgjevne kontaktpersonar i administrasjonen.

Eigarrepresentanten kan også bli bedt om å rapportere munnleg overfor fylkesutvalet, anten ut frå tema som går fram av den vedlagte rapporteringsmalen, eller ut frå konkrete problemstillingar knytt til selskapet.

3.3 Eigarskapsaker i fylkeskommunen

Eigarskapsmeldinga

Eigarskapsmeldinga skal, jf. koml. § 26-1, omhandle fylkeskommunen sine prinsipp for eigarstyring, ei oversikt over selskap, kommunale eller fylkeskommunale føretak og andre verksemder som kommunen eller fylkeskommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i, og fylkeskommunen sitt føremål med dei nemnde interessene. Meldinga skal utarbeidast minst ein gong i valperioden, og den skal vedtakast av fylkestinget sjølv.

I politisk sak 98/2022, 29.09.2022, vedtok fylkestinget å gå over til framlegging av ei samla eigarskapsmelding éin gong i løpet av kvar fylkestingsperiode. Praksis frå tidlegare var å legge fram ei samla eigarskapsmelding, med politikkdelen og rapporteringsdelen, årleg.

I samband med handsaming av overordna eigarskapskontroll i 2023, vedtok fylkestinget, i politisk sak 93/2023 01.11.23, at det i tillegg skal utarbeidast ein årleg rapport til fylkestinget, med oversikt over selskapa fylkeskommunen har eigardel i, eventuelt også med status for viktige hendingar, økonomi, og liknande.


Utpeiking av styremedlemer og valnemndsmedlemer

Styreval og valnemndsval skjer, som regel, i selskapa sine øvste organ – generalforsamlinga, representantskapet o.l.

Vedtektene/selskapsavtalen, og eventuelle aksjonæravtalar, har ofte reglar om utpeiking av styremedlemer og valnemndsmedlemer, og eigar har i dei fleste tilfella ein rett til og eit ansvar for å nominere personar til styre. Ansvar/retten kan også gå fram av etablert praksis mellom eigarane.

Mange selskap har ein eigen valkomité som førebur val av styre, og som ser til at den samla styresamansetjinga er lovleg og føremålstenleg. Det er som nemnd i pkt. 1.4 og 2.2 svært viktig at det er tett kontakt mellom selskapet sin valkomité og fylkeskommunen si eiga valnemnd. Fylkeskommunen har som eigar, saman med selskapa sine valkomitear, ansvar for at dei fylkeskommunen peikar ut til å sitje i dei ulike styra har kompetanse og kapasitet til å styre selskapet.

Fylkeskommunen bør ved utpeiking av styrerepresentantar vurdere om det kan oppstå ikkje-ønskjelege habilitetskonfliktar for den som vert utpeikt. Dersom ugildskap ofte vil inntreffe, kan det vere lite føremålstenleg å peike ut den aktuelle personen som styremedlem. Dette vil typisk gjelde sentrale folkevalde eller tilsette i leiarstillingar. Ulempene ved å velje slike personar som styrerepresentantar vil gjerne vere større enn behovet for å ha den aktuelle personen i styret. Fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiar i hovudutval og fylkesdirektør bør av denne grunn ikkje utpeikast til styreverv i selskap.



Figur 4 Illustrasjon som syner årshjulet for eigarskapsforvaltning og -styring i fylkeskommunen; frå utsending av informasjon på starten av kalenderåret, til gjennomføring av møte i eigarorgan, til utarbeiding av eigarskapsmelding eller statusrapport på seinhausten/vinteren.

3.4 Intern ansvars- og oppgåvefordeling i fylkeskommunen

Fylkestinget

Etter koml. § 26-1 skal fylkestinget sjølv vedta eigarskapsmelding for fylkeskommunen, minst ein gong i valperioden. Fylkestinget gjer vidare vedtak i saker som gjeld fylkeskommunen sin eigarskap der mynda er lagt til fylkestinget i lov, eller der dette følgjer av fylkeskommunen sitt delegeringsreglement, t.d. der saker vert rekna for å vere prinsipielle for fylkeskommunen.

Val av eigarrepresentantar til selskap er gjort på fast grunnlag i delegeringsreglementet. Myndet til å velje representantar til representantskap i interkommunale selskap og kommunale oppgåvefelleskap er lovbestemt at ligg til fylkestinget sjølv, jf. lov om IKS § 6 og kommunelova § 19-3, og her vel fylkestinget faste representantar.

Myndet til å foreslå kandidatar til styre ligg t.d. til fylkestinget, jf. reglement for fylkestinget punkt 2.4.6, men fylkesutvalet er også gitt mynde i hastesaker, sjå under.

Ei oversikt over valde representantar og styrekandidatar er tilgjengeleg på fylkeskommunen sin nettstad i eit eige valregister.

Fylkesutvalet

Fylkesutvalet har vedtaksmynde i alle andre eigarskaps saker, så framti saka ikkje har prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd, eller det er tale om høge summar. Sjå Reglement for fylkesutvalet, innleiinga, kulepunkt 4 og punkt 2.1.7. og 2.1.1

Fylkesutvalet er såleis det utpeikte eigarorganet til fylkeskommunen, og gjev m.a. instruks om korleis eigarrepresentanten skal røyste på generalforsamlingar o.l. Fylkesutvalet kan også på eige initiativ be eigarrepresentanten om å informere eller legge fram ei sak for utvalet. Dette kan vere aktuelt heile året, men særskilt i samband med gjennomføringa av generalforsamlingar o.l.

Fylkesutvalet har mynde til å nemne opp representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan vente til fylkestinget er samla, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5.

Hovudutvala

Hovudutvala kjem etter behov med innstilling i eigarskapssakene fylkestinget og fylkesutvalet skal gjere vedtak i.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet fører kontroll med fylkeskommunen si eigarstyring, og med korleis selskapa vert drivne. Sjå meir om dette under punkt 3.10 om eigenkontroll.

Fylkesordføraren

Fylkesordføraren har inga anna formell rolle i fylkeskommunen si eigarstyring, enn den fylkestinget har vedteke. Fylkestinget har gjort slikt vedtak gjennom Reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.5:

«Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representere fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte».

Når fylkesordføraren deltek på eigarmøte som eigarrepresentant, representerer han eller ho det politiske fleirtalet.

Fylkesordføraren er elles rettsleg representant for fylkeskommunen, og skriv under på fylkeskommunen sine vegner om ikkje mynda er tildelt andre. Mynda medfører ikkje i seg sjølv nokon kompetanse til å treffe vedtak eller inngå bindande avtale.

Fylkesdirektøren -administrasjonen si rolle

Fylkesdirektøren har etter kommunelova ansvar for at politiske saker skal vere forsvarleg utgreidde, og for at vedtak vert følgde opp.

Administrativ organisering av eigarskapsarbeidet

Det sentrale eigarskapsarbeidet ligg til juridisk seksjon i avdeling for organisasjon og økonomi. Juridisk seksjon fungerer som eit eigarskapssekretariat overfor folkevalde, og har elles ein koordinerande funksjon overfor andre avdelingar i fylkeskommunen.

Juridisk seksjon sørgjer for utarbeiding av eigarskapsmelding og enkeltsaker om- eller i tilknytning til eigarskap – stundom på eiga hand og andre gonger i samarbeid med-, eller gjennom å bidra overfor, andre avdelingar. Kva avdeling som førebur enkeltsaker vert vurdert konkret, ut frå i kva grad det først og fremst er behov for å sjå på saka frå eit fagleg og sektorpolitisk perspektiv, eller i eit eigarskapsperspektiv.

Juridisk seksjon har vidare ansvar for det systematiske arbeidet med eigarskap, og sørgjer m.a. for administrativ oppfølging i samband med eigarskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar, opplæring av folkevalde, at kontrollutvalet vert gjort i stand til å utføre sitt arbeid, jf. punkt 3.10, osb.

Gjennomføring av møte og anna kommunikasjon med selskapa

Juridisk seksjon held oversikt over innkallingar og koordinerer deltaking på møta, i samarbeid med rådgjevar for politisk leiing og gjennom dialog med selskapa.

Juridisk seksjon sørgjer også for nødvendig støtte overfor eigarrepresentanten ved behov, t.d. om juridiske problemstillingar, selskapshistorikk og fylkeskommunen sin uttrykte eigarskapspolitikk. Der det er behov for stemmeinstruks frå fylkesutvalet, så bidreg juridisk seksjon ved å legge fram saka skriftleg. Alternativt kan eigarrepresentanten legge fram saka munnleg.

Fylkesdirektøren, eller andre frå administrasjonen, møter i eigarorgan saman med eigarrepresentanten ved behov.

3.5 Folkevaldopplæring i eigarstyring m.m.

Plan

Innan seks månader etter fylkestingsvalet skal folkevalde få opplæring i eigarrolla og rutinar for fylkeskommunal eigaroppfølging. Eigarrepresentantane, og andre med sentrale politiske leiarfunksjonar, vil få særskilt opplæring om eigarrepresentasjon. Fylkesutvalet må ta stilling til om det er ønskeleg med ytterlegare opplæring utover dette.

Innhald

Folkevalde som skal ta del i fylkeskommunen si eigarskapsutøving treng opplæring i reglar om eigarstyring og selskapsleiing, m.a. for å kunne skilje mellom dei ulike rollene som folkevald, i nokre tilfelle styremedlem, og representant i eigarorganet til selskapet. Opplæringa vil også omhandle korleis kommunikasjon med selskapet sitt eigarorgan skal skje.

Opplæring av styremedlemer

Kvart enkelt selskap har sjølvstendig ansvar for opplæring av sine styremedlemer i styrearbeid, rettslege rammer for selskapet og kunnskap om selskapets føremål, strategiar, vedtekter/selskapsavtale, organisasjon og historie.

Som eigar gjev fylkeskommunen styremedlemene selskapsinformasjon i Del II – Verksemdsoversikt, mellom anna om dei ulike selskapa sine føremål og fylkeskommunen sine føremål med eigarskapen.

Fylkesutvalet kan på eige initiativ be om at det vert gjeve ytterlegare opplæring i styrearbeid for medlemene i fylkestinget.

3.6 Moglege interessekonfliktar i samband med eigarskap

Fylkeskommunen er både eit forvaltningsorgan, som utøver offentleg mynde, samstundes som vi er eigar med eigarinteresser i ulike selskap. Dette kan føre til at det oppstår interessekonfliktar, og det er viktig å skilje mellom dei ulike rollene og vere klar på at forvaltningsavgjerder skal takast ut frå saklege og relevante omsyn¹⁸.

Eigarskap kan føre til utfordringar i utøvinga av forvaltningsmynde til dømes ved

- utforming av konsesjonsvilkår innan transport og energisektoren
- utøving av fylkeskommunal reguleringsmynde på andre konkurranseutsette område, i tilfelle fylkeskommunen har eigarskap i selskap som driv verksemd innanfor dette området
- tildeling av konsesjonar innanfor sektorar der fylkeskommunen også utøver næringsverksemd
- anbodskonkurransar innanfor sektorar der fylkeskommunen også har eigarinteresser
- at fylkeskommunen vert meir økonomisk avhengig av inntekter frå slike selskap

Fylkeskommunen sitt samfunnsoppdrag er formulert slik:

«Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidretta Vestland»

Grunnverdiane «kompetent», «open» og «modig» skal alltid ligge til grunn.

I samsvar med samfunnsoppdraget og visjonen om å vere «nyskapande og berekraftig» forvaltar fylkeskommunen verdiane til fellesskapet med vekt på menneskeverd og likeverd, utøver offentleg mynde og yter tenester som er viktige for samfunnet, for enkeltindivid og for verksemdar. Folkevalde i Vestland fylkeskommune skal vere bevisste på samfunnsansvaret som følgjer med desse oppgåvene, og utøve dei på ein rettferdig og tillitvekkjande måte.

Temaet er utdjupa i fylkeskommunen sine etiske retningslinjer, sjå reglementet: Folkevalde – rettar og plikter [her](#), som gjeld i alle situasjonar der ein som folkevald opptrer på vegner av fylkeskommunen, også når ein opptrer som eigarrepresentant.

¹⁸ Jf. den ulovfesta læra om myndemisbruk.

Når ein person er utpeikt av fylkeskommunen til å sitte i eit selskapsstyre, er det selskapet sine etiske retningslinjer som gjeld for utøvinga av styrevervet.

3.7 Habilitet

Målet med habilitetsreglane er å sikre at berre saklege omsyn vert vektlagt ved forvaltninga sine avgjerder, slik at forvaltninga treff materielt korrekte avgjerder, og å ivareta at folk har tillit til at dette er tilfellet.

For folkevalde i kommunesektoren gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova kapittel to og særreglane i kommunelova § 11-10. Det er viktig med korrekte habilitetsvurderingar, slik at folkevalde ikkje vert avskorne frå retten og plikta til å delta ved handsaminga av saker i større grad enn lovgjevar har lagt opp til.

Det er opp til det folkevalde organet sjølv å avgjere spørsmål om habilitet jf. forvaltningslova § 8 andre ledd. For praktisk informasjon om korleis ein som folkevald skal gå fram for å få habiliteten sin vurdert, sjå «Folkevalde i Vestland – rettar og plikter», s. 8, [her](#).

Ved handsaminga av eigarskapsmeldinga i dei folkevalde organa i fylkeskommunen, bør organet først handsame den generelle delen for seg. Deretter bør organet handsame kvart enkelt selskap i del II, slik at folkevalde som er ugilde overfor eitt selskap, har høve til å ta del i avgjerder som rettar seg mot andre selskap.

For best mogleg oversyn over dei folkevalde sine ulike roller, er det viktig at alle ser til at dei er registrerte i KS sitt styrevervregister¹⁹, og legger til verv som ikkje er oppført.

Reglane om habilitet

Habilitetsreglane i forvaltningslova

Ein offentlig tenesteperson er ugild til å legge til rette grunnlaget for, eller til å treffe avgjerd, i ei forvaltningssak dersom eitt eller fleire av vilkåra i forvaltningslova (fvl.) § 6 er oppfylte. Reglane gjeld også for folkevalde.

Omgrepet avgjerd skal forståast vidt, og gjelde alle typar forvaltningsverksemd, også privatrettslege avgjerder i til dømes eigarskapsaker. Utanfor fell derfor reine orienteringssaker som ikkje skal munne ut i ei avgjerd.

Automatisk inhabilitet føreligg når ein offentlig tenesteperson eller folkevald

- sjølv er part i saka
- er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande line eller i sideline så nær som søsken
- er gift med eller forlova med eller er fosterfar, fostermor eller fosterbarn til ein part
- er verje eller fullmektig for ein part i saka eller har vore det før saka byrja
- er **leiar eller har leiande stilling** i, eller er **medlem av styret** eller bedriftsforsamling for, anten eit **samvirkeføretak, foreining, sparebank** eller **stifting** som er part i saka, eller eit **selskap som er part i saka**. For sistnemnde (selskap) gjeld det likevel ikkje for ein person som utfører tenester eller arbeid for selskap som er fullt ut offentlig eigd og dette selskapet, åleine eller saman med andre tilsvarande selskap eller det offentlege, fullt ut eig selskapet som er part i saka

Etter siste punkt over vil ein folkevald vere automatisk inhabil til å førebu eller ta avgjerd i ei sak, når vedkomande er medlem av styret i eit selskap som er part i saka. At personen vert automatisk inhabil i desse situasjonane, betyr at ein ikkje gjer noko vurdering av situasjonen elles, t.d. om vedkomande har personlege føremøner av vervet.

¹⁹ www.styrevervregisteret.no/

Eit selskap er part i saka når ei avgjerd er «rettet mot eller ellers direkte gjelder» selskapet, jf. fvl. § 2 første avsnitt bokstav e.

Denne konkrete regelen gjer seg ikkje gjeldande for eigarrepresentantar i generalforsamling, representantskap og føretaksmøte, og omfattar heller ikkje medlemmer av andre organ i selskapa enn styre og bedriftsforsamlingar.

Inhabilitet i særeigne situasjonar, etter ei konkret vurdering

Det følgjer av andre avsnitt i fvl. § 6 at "andre særegne forhold ... som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet", som til dømes personlege føremoner eller ulemper for den folkevalde eller nærstående, vil føre til inhabilitet.

Eit selskap som ikkje har status som part i ei sak som er til handsaming i folkevald organ, kan likevel kunne få fordelar eller ulemper av saksutfallet. Ein folkevald som er leiar eller styremedlem i selskapet vil i slike tilfelle ikkje automatisk bli ugild etter fvl. § 6 første avsnitt bokstav e, men kan bli det etter ei konkret vurdering etter fvl. § 6 andre avsnitt, dersom det føreligg særeigne forhold som er eigna til å svekke tilliten til at han/ho opptre upartisk i saka.

Habilitetsreglane i kommunelova

Medlemmer av eit fylkeskommunalt folkevald organ har rett til og pliktar å delta i organet sine møte om dei ikkje har gyldig forfall, jf. kommunelova (koml.) § 8-1. Inhabilitet kan føre til at denne retten og plikta må vike, og kommunelova har reglar om inhabilitet for folkevalde som kjem i tillegg til reglane i forvaltningslova.

Etter koml. § 11-10 er ein folkevald som har vore med på å førebu eller treffe vedtak i ei sak som tilsett i fylkeskommunen, inhabil til seinare å handsame saka i eit folkevald organ. Regelen gjeld ikkje ved handsaming av årsbudsjett, økonomiplan, kommuneplan, regional planstrategi og regional plan.

Sameleis er ein folkevald inhabil når ein **klageinstans** skal handsame ei klage etter fvl. § 28, som vedkomande har vore med på å førebu eller treffe vedtak om i førsteinstansen.

Ein folkevald er ikkje inhabil ved val av personar til offentlege tillitsverv, eller ved fastsetting av godtgjersle og liknande for slike verv.

Ein folkevald kan, uavhengig av habilitetsspørsmål, søke om å bli fritaken frå å delta ved handsaminga av ei sak, dersom personlege grunnar tilseier fritak, jf. koml. § 11-11. Det er organet sjølv som tek stilling til spørsmålet.

Nærmare om habilitet i anbodssaker

Folkevalde som er styremedlemmer i selskap som opererer innanfor den marknaden den aktuelle konkurransen gjeld, vil vere inhabile som folkevalde frå og med utarbeiding av konkurransegrunnlaget og fram til endeleg avgjerd om kven som får tildelt kontrakt. Årsaka til dette er at ein ved utforming av konkurransegrunnlaget mellom anna fastset tekniske spesifikasjonar på materiell. Deltak til dømes styremedlemmer i selskap innanfor sektoren i arbeidet, eller er med på å godkjenne konkurransegrunnlaget i konkurransen, kan dette utløyse skuldingar om at vedkomande har hatt høve til å medverke til gunstige spesifikasjonar for selskapet vedkomande er styremedlem i.

Styremedlemmer i selskap som nemnd over, vil ikkje vere inhabile til å delta i alminnelege politiske drøftingar om t.d. fylkeskommunal rutetrafikk.

Rettleiar

For meir informasjon om folkevalde sin habilitet, viser fylkestinget til Kommunal- og regionaldepartementet (no Kommunal- og distriktsdepartementet) sin rettleiar om temaet frå 2011 (rettleiaren er utarbeidd til kommunelova av 1992²⁰).

²⁰ https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/krd/vedlegg/komm/veiledere/habilitet_i_kommuner_og_fylkeskommuner.pdf

- når styremedlemene i kommunale bedrifter også er lokalpolitikarar i eigarkommunen.

Fylkeskommunen forventar at selskapa er tilslutta KS sitt styrevervregister, og registrering der skal bidra til oversikt over involverte sine ulike verv og interesser²³.

3.9 EØS-rettslege rammer for fylkeskommunal kapitaltilførsel til føretak

Forbodet mot offentleg støtte

Føremålet med reglane om offentleg støtte i EØS-avtalen er like konkurransevilkår. Kapitaltilførsel til føretak, uansett om dei er offentleg eigde, vil utgjere offentleg støtte, der følgjande seks vilkår i EØS-avtalen artikkel 61 er oppfylte:

- støttemottakar må vere eit føretak
- støtta må vere gitt av det offentlege eller kome frå offentlege midlar
- støtta må tilgodesjå enkelte føretak eller produksjonen av enkelte varer eller tenester
- støtta må innebere ei økonomisk føremon for mottakaren
- støtta må virke konkurransevridande
- støtta må kunne påverke samhandelen mellom EØS-landa.

Når det gjeld investeringar i selskap og liknande, vil marknadsaktørprinsippet / marknadsinvestorprinsippet kunne brukast for å avgjere om ei investering utgjør offentleg støtte etter EØS-avtalen, nærmare bestemt om tiltaket vil utgjere ei føremon for mottakaren. Prinsippet går ut på å samanlikne kapitaltilførselen med korleis ein privat investor ville investert. Dersom det offentlege har lagt til grunn andre omsyn og andre vilkår enn ein samanliknbar privat investor ville ha gjort, kan det bety at kapitaltilførselen vil utgjere ei økonomisk føremon for selskapet. Dersom dei andre fem vilkåra også er oppfylte, vil det vere tale om offentleg støtte. Dersom det ikkje finst aktuelle unntaksheimlar for det konkrete tiltaket, må fylkeskommunen innrette eventuelle investeringar i tråd med marknadsinvestorprinsippet.

ESA (EFTA Surveillance Authority), som kontrollerer om regelverket vert etterlevd i Noreg, har gitt retningslinjer for korleis etablering av offentleg eigde verksemder-, investeringar i verksemder- og utøving av offentleg eigarskap skal skje, slik at etableringa ikkje vil medføre offentleg støtte.

Ifølgje retningslinjene er det m.a. ikkje tale om støtte når det offentlege kjøper eller sel eigedeler i eit føretak til marknadspris. Dersom ein offentleg aktør kjøper eigedeler i eit føretak i ein sektor med særlege vanskar, vil kjøpet likevel bli sett på som offentleg støtte til verksemda.

Ifølgje retningslinjene er ikkje det offentlege forplikta til å investere eller forvalte offentleg eigarskap på den mest lønsame måten som er tilgjengeleg på marknaden for at investeringa ikkje skal utgjere, heilt eller delvis, offentleg støtte, men investeringa må på førehand kunne vurderast som lønsam nok til at ein privat marknadsaktør ville vore villig til å investere sin kapital.

Det er heller ikkje støtte dersom det offentlege tilfører kapital til eit føretak, på same vilkår som ein privat investor ville gjort. Retningslinjene legg likevel vekt på at kapitaltilførselen må gje normal avkastning for at det ikkje skal vere støtte.

Kort oppsummert vil fylkeskommunen sine moglegheiter til å legge vekt på ikkje-kommersielle omsyn vere avgrensa, der føretaket er omfatta av forbodet. I kva grad ei investering skal bidra til å realisere meir overordna, samfunnsmessige omsyn, og derfor kan vurderast som samfunnsmessig lønsam, er ikkje relevant i denne samanhengen.

3.10 Eigenkontroll med fylkeskommunen si eigarstyring, m.m.

Eigarskapsmeldinga

²³ www.styrevervregisteret.no/. For kommunale verksemder må generalforsamlinga først vedta å slutte seg til Styrevervregisteret. Verksemder som ønskjer dette kan ta kontakt med registertjenester@kommuneforlaget.no.

Eigarskapsmeldinga er ein del av fylkeskommunen sin eigenkontroll med eigarstyringa.

Eigarskapskontrollar, forvaltningsrevisjonar, innsyn og undersøkingar

Kontrollutvalet skal på vegner av fylkestinget sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av selskap fylkeskommunen har eigarinteresser i, jf. kommunelova § 23-2 første ledd bokstav c og d²⁴.

I ein eigarskapskontroll vert det kontrollert om den som utøver fylkeskommunen sine eigarinteresser, gjer dette i samsvar med lover og forskrifter, fylkestinget sine vedtak og anerkjende prinsipp for eigarstyring. I ein forvaltningsrevisjon vert det gjort systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regelverksetterleving, måloppnåing og verknader, ut frå fylkestinget sine vedtak.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane, som er nødvendige for å gjennomføre kontroll, frå interkommunale selskap (IKS), interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefelleskap og aksjeselskap der fylkeskommunen åleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller IKS direkte eller indirekte eig alle aksjane, jf. kommunelova § 23-6. Sjå vedlegg nummer 7 for oversikt over sistnemnde selskap. Utvalet skal vidare varslast om- og har rett til å vere til stades i møte i generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ i slike selskap m.m. Utvalet kan også gjennomføre undersøkingar i verksemda dersom det er nødvendig.

Retten til innsyn og undersøking gjeld også tilsvarande overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegner av fylkeskommunen, såframt det er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt.

Kontrollutvalet skal minst éin gong i valperioden, og senast innan utgangen av året etter at fylkestinget er konstituert, utarbeide éin plan for kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast og éin plan som viser på kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar. Kontroll og revisjon skal gjennomførast der det er størst behov for det, ut frå ei vurdering av kvar det er risiko for vesentlege avvik, og kor alvorlege konsekvensar avvika vil kunne få. Fylkestinget skal vedta planane, men kan delegere oppgåva med å gjere endringar i planane til kontrollutvalet.

Fylkestinget sin plan for eigarskapskontroll og utdrag frå plan for forvaltningsrevisjon (av selskap) for perioden 2024-2028 ligg ved eigarskapsmeldinga, sjå vedlegg 1²⁵.

3.11 Fylkeskommunen sine styringsprinsipp - oppsummerte

Innanfor rettslege rammer og i tråd med sektorpolitiske mål skal fylkeskommunen utøve eigarskap etter følgjande prinsipp:

- Fylkeskommunen skal vere ein ansvarleg og aktiv eigar som gir selskapa stabilitet og trygge rammer
- Fylkeskommunen utøver myndet sitt i eigarorganet til selskapet
- Fylkeskommunen fastset mål og rammer og overlèt deretter forvaltninga av selskapet til styret, i tråd med den rollefordelinga regelverket legg opp til.
- Styresamansetjinga skal bygge på rett kompetanse, mangfald og kapasitet, og arbeidet skal vere nøkternt men tilstrekkeleg honorert.
- Fylkeskommunen skal vere open om eigarskap og eigarskapsutøving
- Fylkeskommunen skal utøve eigarskap i tråd med eigne sektorpolitiske mål og tydeleggjere desse overfor selskapa
- Fylkeskommunen skal utøve eigarskap innanfor lovverket sine rammer og i tråd med forventningar til god forvaltningsskikk og allment støtta eigarstyringsprinsipp

²⁴ I kommunelova skil lovgjevar mellom forvaltningsrevisjon av selskap som inngår i ordinær forvaltningsrevisjon, og eigarskapskontroll. I ein eigarskapskontroll ser ein på korleis fylkeskommunen forvaltar eigarskapa sine, anten enkeltvis eller som portefølje. Det vert mellom anna gjort vurderingar opp mot regelverk knytt til ulike typar selskap (til dømes kommunelov, aksjelov, lov om interkommunale selskap), KS sine retningslinjer for kommunal eigarstyring, eigarskapsmeldingar/eigarstrategiar og andre mål, vedtak og retningslinjer. I ein forvaltningsrevisjon av selskap ser ein på sjølv selskapet, og revisjonen vil t.d. omhandle om selskapet driv i samsvar med fylkestinget sine vedtak og føresetnader, og om det driv i samsvar med lover og reglar og på ein økonomisk forsvarleg måte.

²⁵ Planen/utdrag frå planen vert innarbeidd etter vedtaking på fylkestinget i juni 2024.

- Fylkeskommunen skal bidra til likebehandling av aksjonærer
- Fylkeskommunen skal, der det kan oppstå interessekonflikt, skilje eigarrolla frå rolla som t.d. offentlig styresmakt.
- Fylkeskommunen skal ikkje gje selskap, som driv i konkurranse med andre selskap, urettmessige føremoner.



FN sine berekraftsmål på ViteMeir Kaupanger
Foto: Birthe Johanne Fredheim Finstad / Vestland fylkeskommune

Vedlegg 1: Plan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon (utdrag) for valperioden

Fylkestinget vedtok planane den 18.06.24 i sak 41/2024 og 42/2024.

«Eigarskapskontrollar 2024-2028

Under er eigarskapskontrollprosjekta presentert i prioritert rekkefølge. Kor mange prosjekt som vil bli gjennomført i perioden er m.a. avhengig av kontrollutvalet sitt budsjett og omfanget til dei ein skilde prosjekta.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise eigarskapskontrollprosjekta.

Ein eigarskapskontroll kan gjennomførast som eit eige prosjekt der tema er fylkeskommunen si eigarskapsforvaltning av eit eller fleire selskap, eller gjennomførast i samband med ein forvaltningsrevisjon av selskap der også drifta i selskapet er omfatta av kontrollen (sjå plan for forvaltningsrevisjon 2024-2028).

2.1 Eigarskapskontrollprosjekt

Tabell 1: Prioriterte eigarskapskontrollprosjekt

Nr.	Prosjekt	Tema
1	Eigarskapskontroll av infrastruktur- og kollektivtransport selskap	<ul style="list-style-type: none"> • Rollar og ansvar i fylkeskommunen • Mål, krav og forventningar til eigarskapen • Val av styrerepresentantar • Oppfølging og rapportering
2	Bybanen AS	<ul style="list-style-type: none"> • Rollar og ansvar i fylkeskommunen • Mål, krav og forventningar til eigarskapen • Val av styrerepresentantar • Oppfølging og rapportering
3	Beredt AS	<ul style="list-style-type: none"> • Rollar og ansvar i fylkeskommunen • Mål, krav og forventningar til eigarskapen • Val av styrerepresentantar • Oppfølging og rapportering

Tabell 2: Uprioriterte eigarskapskontrollprosjekt

Uprioriterte prosjekt
Eigarskapskontroll av kulturselskap
Eigarskapskontroll av selskap innan samfunns- og næringsutvikling
Valen kraftverk AS

Dersom fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein eigarskapskontroll, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegvurderingar som tilseier at andre eigarskapskontrollar bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteke plan for eigarskapskontroll. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg kan plan for eigarskapskontroll rullerast i løpet av perioden.»

Forvaltningsrevisjonsprosjekt 2024-2028

Under er eit utdrag av vedtekne forvaltningsrevisjonsprosjekt for 2024-2028 - dei som gjeld selskap fylkeskommunen eig. Av forvaltningsprosjekta er det berre dei på lista over uprioriterte prosjekt som gjeld selskap. For lista i sin heilskap, sjå FT-sak 41/2024.

Under kvart prioriterte prosjekt er det føreslått relevante tema i samsvar med funna i risiko- og vesentlegheitsvurderinga. Endeleg utforming av problemstillingar vil bli gjort i samband med bestilling av dei enkeltvise prosjekta. Forvaltningsrevisjon av selskap kan kombinerast med eigarskapskontroll.

Om fylkestinget ber kontrollutvalet gjennomføre ein forvaltningsrevisjon, eller kontrollutvalet gjer risiko- og vesentlegheitsvurderingar som tilseier at andre område bør prioriterast, kan kontrollutvalet avvike frå vedteken plan for forvaltningsrevisjon. Dersom kontrollutvalet finn det føremålstenleg, kan plan for forvaltningsrevisjon rullerast i løpet av perioden.

Gruppe 2 – uprioriterte forvaltningsprosjekt (utdrag)

Tabell 2: Uprioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt (utdrag)

Prosjekt
Beredt AS
...
Bybanen AS
...

Vedlegg 2: Rapporteringsmal for eigarrepresentantar som deltek på generalforsamlingar, representantskapsmøte, føretaksmøte og årsmøte for fylkeskommunen i 2024-2028

Eigarrepresentantane skal levere skriftleg rapport i etterkant av deltaking i generalforsamlingar, føretaksmøte, representantskapsmøte og årsmøte. Rapporten skal sendast til Merethe.Jenny.Helland.Nordnes@vlfk.no seinast innan ei veke etter at møtet er gjennomført, og vil utgjere del av rapporteringsgrunnlaget for utarbeiding av eigarskapsmeldinga del II i 2024.

Fylkesdirektøren oppmodar eigarrepresentantane om å sette seg inn i rapporteringsmalen før det einskilde møtet, og om å stille selskapsleiinga spørsmål dersom det er noko som er uklart eller om det er informasjon som manglar i dei tilsendte møtedokumenta.

1. Møtet rapporten gjeld:	Til dømes: Ordinær generalforsamling i Bybanen AS 29.04.24.
2. Namnet på den som møtte for fylkeskommunen:	
3. Oppgje dersom følgjande vart gjort, drøfta eller informert om i møtet: a) val av nye styremedlemmer b) vedtektsendring d) revisor har gjeve revisjonsmelding med avvik e) kapitalutviding f) kapitalnedsetting g) konkurs/styrt avvikling h) selskapet sine generelle framtidssutsikter eller konkrete framtidige planar	Til dømes: På ordinær generalforsamling i Bybanen AS i 2024 vedtok generalforsamlinga å endre vedtektene § 7 om styresamansetjing, slik at ...
4. Som eigar forventar fylkeskommunen at selskapa rapporterer på korleis dei tek samfunnsansvar og jobbar med etikk i verksemda. Oppgje dersom følgjande har vore tema i møtet: i) klima og miljø j) menneskerettar k) arbeidstakarrettar l) openheit og antikorrupsjon	Til dømes: Selskapet har nyleg revidert dei etiske retningslinene sine, har utarbeidd miljørekneskap e.l. Retningslinene/rekneskapen ligg tilgjengelege på selskapet sin nettstad her
5. Kontroller at det: a) vert vedtektsfesta ordning med bruk av valkomité for styreval b) at generalforsamlinga, ved val av styre, ivaretek krav til kjønnsbalanse c) at selskapet har system for opplæring i styrearbeid for styremedlemene, og at systemet vert etterlevd i praksis	
6. Oppgje dersom det vart gjort vedtak, informert om, og/eller drøfta tilhøve som ikkje stod på dagsordenen for møtet	Til dømes det som vert drøfta under punktet ymse på dagsordenen.

Dato/stad:

Underskrift

Vedlegg 3: Fylkestinget sitt vedtak av eigarskapsmelding i 2021

Fylkestinget sitt vedtak i politisk sak 131/2021 14.12.21:

1. Vestland fylkeskommune vedtek Eigarskapsmelding for Vestland fylkeskommune 2021, Del I, slik han føreligg. Vestland fylkesting oppmodar om at dei vedtekne seriøsitetskrava i Vestland fylkeskommune (sak 112/2021) også bør vere retningsgjevande for selskap som fylkeskommunen eig eller er deleigar i.
2. Fylkestinget tek til vitande status når det gjeld avviklinga av eigarskapen i Sarsia Development AS, HFK Tomt Knarvik AS og Lutelandet Utvikling AS.
3. Fylkestinget ber fylkesdirektøren starte prosess for avvikling av fylkeskommunen sin eigarskap i Gulen og Masfjorden Utvikling og Skyttel AS.
4. Vestland fylkeskommune vidarefører eigarskapen i følgjande selskap: Grieghallen IKS, TH Eigedom IKS, Vigo IKS, Kommunekraft AS, Sogn og Fjordane Holding AS, Valen kraftverk AS, Fjord Invest Såkorn AS, Fjord Norge AS, Innovasjon Norge, Kunnskapsparken Vestland AS, Njøs Frukt- og bærseier AS, Sogn og Fjordane Fondet AS, Beredt AS, Gløde AS, Hardanger AKS AS, In Via AS, Kveik AS, Opero Holding AS, Origod AS, Sogneprodukt AS, Bybanen AS, E134 Haukelivegen AS, Ferde AS, HFK Bussanlegg AS, Sunnhordland Lufthavn AS, Bergen Vitensenter AS, Campus Verftet AS, Opplæringsfartøy AS, Vitensenteret i Sogn og Fjordane AS, Carte Blanche AS, Den Nationale Scene AS, Det Vestnorske Teateret AS, Idrettsklynge Vest AS, Moster Amfi- og kyrkjehistoriske senter AS, Moster 2024 AS, Norsk Fjordhestsenter AS, Teater Vestland AS, Vestnorsk filmsenter AS, Atheno AS og Framtidsfylket AS.
5. Vestland fylkeskommune vidarefører deltakinga eller medlemskapet i følgjande interkommunale råd, kommunale oppgåvefelleskap og samvirkeføretak: Nasjonal digital læringsarena (NDLA), Vestlandsrådet, Kommunearkivordninga i Vestland kommunalt oppgåvefelleskap, Kommunearkivinstitusjonenes digitale ressursseier SA, Biblioteksentralen SA og Sinjarheim SA.

Vedlegg 4: Felles sakshandsamingsrutine for vurdering og etablering av eigarskap

[Informasjon kjem]

Vedlegg 5: Felles sakshandsamingsrutine for å gå ut av selskap

[Informasjon kjem]

Vedlegg 6: Kort om ulike selskaps- og organisasjonsformer

Interkommunalt selskap (IKS)

Interkommunale selskap (IKS) etter IKS-lova er sjølvstendige rettssubjekt som rettsleg og økonomisk er skilde frå deltakarkommunane. Det må vere fleire deltakarar i selskapet, og berre kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap kan delta. Kvar av deltakarane har eit uavgrensa ansvar for ein del av selskapet sine samla forpliktingar. Samla sett skal deltakarane sin ansvarsdel utgjere selskapet sine samla forpliktingar. Det øvste organet i selskapet er representantskapet.

Forvaltning av selskapet ligg til styret og dagleg leiing. Deltakarane utøver eigarskap gjennom medlemmer dei har valt inn i representantskapet. Etter IKS-lova § 6 ligg det til fylkestinget å velje representantar til representantskapet. Valretten kan ikkje delegerast. Med unntak av dei tilsettevalde styrepraesentantane, blir styret valt av representantskapet. Styret har forvaltningsmyndet, og må utøve det innanfor ramma av selskapets føremål, selskapsavtalen og selskapet sitt årsbudsjett som blir vedteke av representantskapet.

Deltaking i interkommunale selskap kan ikkje overdragast til andre. Deltakarane kan seie opp deltakinga si med eitt års varsel. Når ein trer ut av selskapet, er hovudregelen at deltakaren får utbetalt ein utløyingssum som er lik nettoverdien av andelen

Aksjeselskap

Eit aksjeselskap skal ha ein minste aksjekapital på 30 000 kroner og må til ei kvar tid ha eigenkapital og likviditet som er forsvarleg ut frå risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet. Eit særtrekk ved denne selskapsforma er at deltakarane ikkje er ansvarlege for selskapet sine forpliktingar, med mindre dette er særskilt avtala. På den andre sida rår ikkje eigarane fritt over selskapet si inntekt og formue. Ønskjer aksjeeigarane å trekke ut midlar frå selskapet, må dette skje etter reglane i aksjelova for utdeling av utbytte, nedsetting av aksjekapitalen eller oppløysning av selskapet.

Dersom fylkeskommunen vurderer å selje aksjane i eit selskap, vil aksjelova, saman med selskapet sine vedtekter og ein eventuell aksjonæravtale, regulere korleis salet kan gjennomførast.

Samvirkeføretak

Hovudføremålet med eit samvirkeføretak er å fremje medlemene sine økonomiske interesser. Sentralt i dette ligg at ein som medlem gjennom samarbeid får oppfylt dei økonomiske interessene sine, anten som tilsett, leverandør eller kunde hos samvirkeføretaket. Medlemene sine behov for samarbeid er viktigare enn at føretaket går med mest mogleg overskot. Hovudformålet om å fremje medlemene sine økonomiske interesser vert tolka vidt.

Samvirkeføretak kan stiftast av både fysiske og juridiske personar. Eit samvirkeføretak må til ei kvar tid ha minimum to medlemmar/eigarar. I samvirkeføretak skal alle eigarane behandlast likt og ha same innverknad. Hovudregelen er derfor at alle medlemene har ei stemme på årsmøtet.

Samvirkeføretak må ha ein forsvarleg eigenkapital til ei kvar tid. Eigenkapitalkravet må vurderast opp mot omfanget av verksemda. Det kan derfor i praksis bety at samvirkeføretaket må ha partsinnskot. Medlemene har ikkje ansvar for gjelda til samvirkeføretaket utover eit eventuelt partsinnskot.

I eit samvirkeføretak vert ein del av overskotet utbetalt til medlemene basert på medlemene si samhandling med føretaket. Eksempel på samhandling vil kunne vere kjøp frå, sal til eller arbeid for samvirkeføretaket.

Årsmøtet er det øvste organet i samvirkeføretaket. Medlemene har møte- og stemmerett. Alle samvirkeføretak skal halde årsmøte årleg. Årsmøtet vel styret.

Styret skal bestå av minst tre personar, og møtast ved behov. Styret er ansvarleg for drifta og organiseringa av føretaket. Det er styret som tilset dagleg leiar

Fylkeskommunale føretak

Fylkestinget kan opprette eigne fylkeskommunale føretak, etter reglane i kommunelova kapittel 9. Fylkeskommunale føretak er del av fylkeskommune, og er altså ikkje sjølvstendige rettssubjekt. Føretaket skal likevel ha vedtekter, og vere leia av eit eige styre og ein dagleg leiar. Styret representerer føretaket utover og inngår avtalar på fylkeskommunen sine vegner, så framtidige avtalane er innanfor føretaket sitt føremål. Fylkesdirektøren har ikkje instruksjons- eller omgjøringsrett overfor dagleg leiar i føretaket.

Organisasjonsforma er utforma med sikte på meir forretningsprega verksemd enn den meir klassiske offentlege myndebruka. Organisasjonsforma er berre aktuell for føretak som fylkeskommunen skal eige fullt ut.

Styre for ein fylkeskommunal institusjon

Fylkestinget kan opprette eigne styre for fylkeskommunale institusjonar. Med «institusjonar» er meint organisatoriske einingar av meir samfunnsmessig karakter, slik som skular, helseinstitusjonar og liknande., i motsetnad til meir forretningsprega verksemd.

Interkommunale samarbeid

Interkommunale samarbeid kan vere alt frå eit forum for erfaringsutveksling, til overføring av ansvar/utføring av oppgåver til eit anna rettssubjekt – til dømes ein annan kommune eller eit selskap.

Samarbeid etter kontrakt (formlaust samarbeid)

Slike samarbeid er ikkje heimla i kommunelova. Dei baserer seg på kontraktar som regulerer samarbeidstilhøvet mellom kommunane. Denne forma for samarbeid vert også kalla formlaust samarbeid. Sidan organisasjonsforma er tufta på kontraktar, vil rammene for organiseringa ligge i kva som gyldig kan avtalast mellom kommunar. Denne typen samarbeid vert ikkje omtala i eigarskapsmeldinga.

Vertskommunesamarbeid etter kommunelova

Kommunelova 1992 § 28-1 a gav heimel for å legge oppgåver som kommunane har ansvar for, til eit såkalla vertskommunesamarbeid. Samarbeidsforma er vidareført i kommunelova 2018 kapittel 20. Vertskommunesamarbeidet har to variantar:

- administrativt vertskommunesamarbeid (§ 20-2)
- vertskommunesamarbeid med felles folkevald nemnd (§ 20-3)

Der kommunen vurderer at eit samarbeidsområde har prinsipiell betydning, skal modellen med felles folkevald nemnd nyttast. Denne nemnda har då ansvar for at oppgåvene blir løyst innanfor ramma av delegeringa frå deltakarkommunane. Tilsvarande kan den administrative modellen nyttast på område utan prinsipiell betydning.

Eit vertskommunesamarbeid er forankra i ein skriftleg samarbeidsavtale vedteken av kommunestyret eller fylkestinget sjølv.

Interkommunale politiske råd og kommunale oppgåvefellesskap

I den nye kommunelova er føresegna i den gamle kommunelova § 27 om interkommunale samarbeid erstatta av to nye samarbeidsformer:

- interkommunalt politisk råd etter kap. 18
- kommunalt oppgåvefellesskap etter kap. 19

Vedtektene til det kommunale oppgåvefellesskapet må fastsette om oppgåvefellesskapet skal vere eit sjølvstendig rettssubjekt eller ikkje.

Stiftingar

Stiftingar er ikkje selskap, men sjølvstendige og føremålsstyrte rettssubjekt utan eigarar. Fylkeskommunen sin relasjon til ulike stiftingar kan kome frå at fylkeskommunen har vore med som opprettar av stiftinga. Som opprettar av ei stifting skal fylkeskommunen uttale seg til seinare vedtektsendringar o.l. før stiftingstilsynet godkjenner.

Fylkeskommunen har også ansvar for å velje styremedlemer til ulike stiftingar.


Foreining, lag eller organisasjon

Ei foreining, lag eller organisasjon er ei sjølveigande samanslutning med medlemmer, som skal fremje føremål. Eit eventuelt overskot kan ikkje delast ut til medlemene.

Foreiningar m.m. er ikkje regulerte gjennom ei eiga lov, men det føreligg ulovfesta foreiningsrettslege prinsipp som er utvikla over tid. Vidare er det opp til medlemene å utforme gode og tydelige vedtekter for foreininga, som fastset organisering og rammer.

Det øvste organet er årsmøtet, der medlemene vanlegvis har éi stemme kvar. Foreiningar som driv næringsverksemd skal også ha eit styre. For andre foreiningar kan eit krav om dette takast inn i vedtektene. Foreiningar kan også ha ein dagleg leiar.

I kva grad *kan* eigar styre og kontrollere?



Figur 5 Illustrasjon over i kva grad eigar kan styre ved ulike selskaps- og organisasjonsformer. Frå å ha full styring over eigen organisasjon, til å ha avgrensa kontroll over sjølvstendige rettssubjekt med eigarar, til å ikkje ha styringsrett over stiftingar.

Vedlegg 7: Selskap kontrollutvalet har rett til innsyn i, jf. kommunelova § 23-6

Kommunelova § 23-6 regulerer kontrollutvalet si rett til innsyn og undersøkingar, i ulike former for selskap. Føresegna har som føremål å sikre ei viss kontroll av verksemd som fylkeskommunen har organisert i selskap og liknande.

Kva selskap har kontrollutvalet rett til å krevje opplysningar frå, jf. § 23-6 første ledd:

[...]

- a. *interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b. *interkommunale politiske råd*
- c. *kommunale oppgavefelleskap*
- d. *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

[...]

Etter bokstav a til c, har kontrollutvalet rett på opplysningar frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd og kommunale oppgavefelleskap, som fylkeskommunen er deltakar i. Bokstav d regulerer kontrollutvalet si rett på opplysningar frå aksjeselskap. Til forskjell frå interkommunale selskap, kan eit aksjeselskap vere eigd av både kommunar, fylkeskommunar og private saman. Av omsyn til private eigarar, er innsynsretten etter § 23-6 avgrensa til dei aksjeselskapa som ei kommune eller fylkeskommune eig 100 % av aksjane i, og dei aksjeselskapa som kommunar, fylkeskommunar og/eller interkommunale selskap, enten direkte eller indirekte, eig 100 % av aksjane i (ingen private eigarar). Ei liste over dei aktuelle selskapa følgjar nedanfor.

Innsynsretten etter § 23-6 gjeld difor ikkje for aksjeselskap som ein kommune eller fylkeskommune er eigar av *saman* med private aksjonærar og/eller staten. Dette av omsyn til at kommunar og fylkeskommunar som eigarar, ikkje skal ha ein særrett i forhold til andre eigarar, jf. Ot.prp. nr. 70 (2022-2003) s. 75. Difor er nokon av selskapa som fylkeskommunen er medeigar av, og som går fram av eigarskapsmeldinga del II, unntatt frå lista over aksjeselskap som kontrollutvalet har rett til innsyn i etter § 23-6 første ledd.

Kva opplysningar kan bli kravd og kva undersøkingar kan bli føretatt, jf. § 23-6 første og andre ledd:

Føresegna i § 23-6 avgrensar innsynsretten til dei *opplysningar* som er «nødvendige for å gjennomføre [...] kontroll», og dei *undersøkingar* i verksemda som er «nødvendig», jf. første og andre ledd. Dette inneber at det må bli føretatt ein konkret og skjønnsmessig vurdering for det einskilde selskap, og ordlyden «nødvendig[e]» tilseier ein viss terskel for innsyn. I praksis er det ofte revisor som utfører undersøkingar på vegne av kontrollutvalet.

Kven kan opplysningane bli kravd frå, jf. § 23-6 første og tredje ledd:

Opplysningane som er nemnt i første ledd kan bli kravd frå både dagleg leiar i verksemda, styret i selskapet, og den valde revisoren for selskapet, jf. første ledd, siste punktum. Vidare kan fylkestinget fastsetje reglar om kontrollutvalet si kontroll med forvaltninga av interessene til fylkeskommunen i dei selskapa som er nemnt i første ledd, og om kva dokument mv. som skal bli sendt til kontrollutvalet, jf. tredje ledd.

Særleg om rett til varsel om innkallingar til generalforsamling, representantskap og tilsvarande organ i selskap og liknande, jf. § 23-6 fjerde ledd:

Paragraf § 23-6 fjerde ledd lyd slik:

Kommuner og fylkeskommuner skal sørge for at kontrollutvalget blir varslet om møter i generalforsamling, representantskap og tilsvarende organer. Kontrollutvalget har rett til å være til stede i disse møtene.

Føresegna må bli lese og forstått i samband med oversikta over selskap i første ledd. Dette inneber at kontrollutvalet har rett til å få varsel om innkallingar til møte i dei selskapa som går fram av lista nedanfor (*liste over selskap kontrollutvalet har rett til innsyn i, jf. kommunelova § 23-6 første til fjerde ledd*) og har rett til å vere til stades i desse møta. Kontrollutvalet har *ikkje* rett til å få varsel om møte i *andre* selskap som fylkeskommunen er medeigar av. Som grunngeving for denne avgrensinga visast det til aksjelova. Av aksjelova § 5-2 første ledd går det fram at det er *eigarane* av aksjane i eit selskap, som har rett til å delta på generalforsamlinga i selskapet.

Etter reglementet for fylkesutvalet i Vestland er det fylkesordførar eller fylkesvaraordførar som møter for fylkeskommunen på generalforsamlingar og liknande, jf. punkt 2.15. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi *andre* fullmakt til å representere fylkeskommunen, jf. same punkt (jf. også aksjelova § 5-2 første ledd om at aksjeeigarar kan la seg representere ved ein fullmektig). Det er likevel klart at ein representant frå kontrollutvalet ikkje vert gitt ei slik fullmakt. Dette ettersom fylkeskommunen sin representant på generalforsamling i selskap, er med på å *utøve eigarskapet* til fylkeskommunen. Kontrollutvalet sitt ansvar og myndigheit etter kommunelova § 23-2, er derimot avgrensa til å føre *tilsyn/kontroll* med fylkeskommunen sin forvaltning av eigarskap.

Etter aksjelova § 5-2 tredje ledd har aksjeeigarane rett til å delta med ein rådgjevar i generalforsamling. Det visast igjen til kommunelova § 23-2. Føresegna talar for at det ligg utanfor ansvaret og myndigheita til kontrollutvalet, å ha ein rådgivande funksjon overfor fylkeskommunen sin representant på generalforsamling.

Såleis opnar ikkje aksjelova for deltaking frå kontrollutvalet, på generalforsamlingar i aksjeselskap som fylkeskommunen eig saman med private og/eller staten, og heller ikkje for varsel om slikt møte. Heimelen i kommunelova § 23-6 fjerde ledd, om kontrollutvalet si møterett og rett til varsel om møte, kan berre bli anvendt for dei selskapa som går fram av første ledd (og som er lista opp nedanfor). Dette som følgje av at føresegna i kommunelova regulerer *kommunar og fylkeskommunar* si verksemd, jf. § 1-2, og ikkje privat eller statleg verksemd.

Juridisk seksjon vil sørge for å varsle sekretariatet for kontrollutvalet om møtedato i dei selskapa som kontrollutvalet har rett til å bli varsla om. Varsel vil bli sendt til kontrollutvalet@vlfk.no i høveleg tid. Kontrollutvalet må ikkje, men *kan* vere til stades i desse møta.

Liste over selskap kontrollutvalet har rett til innsyn i, jf. kommunelova § 23-6 første til fjerde ledd:

Interkommunale selskap

Griegghallen IKS

Novari IKS

TH Eigedom IKS

Interkommunale politiske råd

Forsvarsforum Vestland interkommunale politiske råd

Vestlandsrådet

Kommunale oppgåvefelleskap

Det kommunale oppgåvefelleskapet Nasjonal Digital Læringsarena (NDLA)

Kommunearkivordninga i Vestland Kommunalt Oppgåvefelleskap

Aksjeselskap

Beredt AS

Beredt Inkludering AS

Bjørnefjorden Utbygging AS
Bybanen AS
Ferde AS
Hardanger AKS AS
HFK Bussanlegg AS
HFK Tomt Knarvik AS
Kommunekraft AS
Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske Senter AS
Skyttel AS
Sogn og Fjordane Holding AS
Sunnhordland Lufthavn A/S
Teater Vestland AS
TET Digital AS
Valen Kraftverk AS
Vestnorsk filmsenter AS

Andre selskap og liknande som kontrollutvalet kan krevje opplysningar frå og foreta undersøkingar i, jf. § 23-6 femte ledd:

Paragraf § 23-6 femte ledd lyd slik:

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Føresegna utvidar kontrollutvalet si rett til opplysningar og til å foreta undersøkingar, slik at denne retten også omfattar *andre verksemder* enn dei som er angitt i § 23-6 første ledd bokstav a til d, når desse verksemdene *utfører oppgåver på vegne av fylkeskommunen*. Dette inneber at det må ligg føre ein kontrakt mellom fylkeskommunen og verksemda som grunnlag for innsynsretten, jf. TUDEP-2020-1803-2.

Døme på verksemder som er omfatta av femte ledd er aksjeselskap som fylkeskommunen er medeigar av saman med private, aksjeselskap som er heilt utan fylkeskommunal eigardel, eller stiftingar og liknande organisasjonar som fylkeskommunen ikkje eig, men som utfører tenester på vegne av fylkeskommunen.

Tilsvarende som for dei selskapa som er angitt i første ledd, inneber retten etter femte ledd berre innsyn i opplysningar og undersøkingar som er «nødvendig» for å kunne kontrollere om verksemda oppfyller kontraktsforpliktingar overfor fylkeskommunen, jf. femte ledd. Merk at den utvida retten til innsyn i femte ledd, ikkje omfattar rett til varsel om møte i desse verksemdene og heller ikkje rett til å vere til stades i møte.

Liste over andre selskap og liknande som kontrollutvalet kan krevje opplysningar frå og foreta undersøkingar i, jf. kommunelova § 23-6 femte ledd:

Samvirkeforetak (som fylkeskommunen er medlem av)
Biblioteksentralen SA
Kommunearkivinstitusjonenes Digitale Ressurssenter SA (KDRS)
Sinjarheim SA

Sjå også ei eiga liste som ligg vedlagt. Lista inneheld verksemder som fylkeskommunen ikkje har eigar- eller liknande interesser i, men som utfører oppgåver på vegne av fylkeskommunen, og som kontrollutvalet *kan* ha rett til opplysningar frå og *kan* ha rett til å foreta undersøkingar i, jf. kommunelova § 23-6 femte ledd. Lista over verksemder er henta frå dokument som er utarbeidd av innkjøpsseksjonen.

Det vert teke atterhald om at datagrunnlaget ikkje er komplett, at nokon verksemdar ikkje går fram av lista, og at nokon av verksemdene som går fram av lista kan vere leverandørar av varer og ikkje tenester.

Navn	Leverandør	Opprettet fra anskaffelse	Avtaleområde
2025 - 2026 Samfinansieringsavtale om bestillingstransport i Kvinnerad kommune	KVINNERAD KOMMUNE		
Andre kunde- og marknadsundersøkingar og Skysst kundepanel	Opinion AS	Marknads- og kundeundersøkingar for Skysst	
Anleggsbidrag - Buss 26 - Kaupanger	Sygnir AS		
Anleggsbidrag og TPV - Buss 26 - Lærdal	Sygnir AS		
Anleggsbidrag og TPV - Buss 26 - Vik	Sygnir AS		
Anleggsbidrag og TPV - Buss 26 - Øvre Årdal	Sygnir AS		
Anleggsbidragsavtale for energiforsyning i Sogndal	Sygnir AS		Andre avtaler Skysst
Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	PricewaterhouseCoopers AS	Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	
Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	Bouvet Norge AS	Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	
Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	Webstep AS	Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	
Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	Knovit AS	Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	
Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	Ulriken Consulting AS	Anskaffing av datautviklar- og analytikartjenester	
Automatisert reisevane- og kundeundersøking	fluxLoop AS	Automatisert reisevane- og kundeundersøking	
Avtale Kulturbillett	Skyss		
Avtale medfinansiering båttilbud Geitanger - Knappskog	Fjell kommune		Samarbeidsavtaler
Avtale medfinansiering båttilbud Osterfjorden Vaksdal	VAKSDAL KOMMUNE		Samarbeidsavtaler
Avtale mellom Skysst og Forland Autosenter om utstedelse av oblat til gratis parkering innfartsparkeringsplasser ved Skogskiftet terminal	FORLAND AUTOSENTER AS		Andre avtaler Skysst
Avtale om anleggsbidrag	Sygnir AS		Andre avtaler Skysst
Avtale om anleggsbidrag	Breheim Nett AS		
AVTALE OM BETALINGSLØSNING VIPS	DNB BANK ASA		Andre avtaler Skysst
AVTALE OM BRUK AV VENTEROM PÅ KRAKHELLA	Solund kommune		Samarbeidsavtaler
Avtale om fylkeskommunal medfinansiering av minstetilbud knytt til båtute mellom Selje og Seljeøya	Stad kommune		Andre avtaler Skysst, Samarbeidsavtaler
Avtale om kompensasjon ved gratis togreiser med lokaltog i sone A på dagar med høg luftforureining	Mantena AS v/NSB Fellesstjenester Regnskap		Samarbeidsavtaler
Avtale om løpende tjenestekjøp over internett	Entur AS		Samarbeidsavtaler
Avtale om rute-, takst- og billettsamarbeid	Jernbanedirektoratet		Samarbeidsavtaler
Avtale om rute-, takst- og billettsamarbeid Rute NW180	Tide Buss AS		Busskontrakter
Avtale om skoleskyss	FEDJE KOMMUNE		
Avtale om tilkopling av straum frå Årstadveien 21	UNIVERSITETET I BERGEN		
Avtale om tilkopling av strøm Haukeland Skole	Bergen kommune		
Avtale om tilkopling og uttak av strøm - Vadmyra	VADMIRA BORETTSLAG		
Avtale om tilkopling og uttak av strøm to billettautomatar Oasen terminal	Citycon Norway AS		
Avtale om tilkopling og uttak av strøm ved Haukeland skole	BERGEN KOMMUNE V/ ETAT FOR BYGG OG EIENDOM		
Avtale om tilleggsproduksjon Serviceskyss	Kinn kommune - sentraladm		Busskontrakter
AVTALE OM VIPPS BETALINGSLØSNINGER FOR STORKUNDER	Vipps AS		Andre avtaler Skysst
Avtale om visning av Skysst-materiell på skjermene i snøggåtar	NORLED AS		
Avtale Skysst Berg Hansen	Berg-Hansen Reisebureau as		
Avtale Skysst Fjord Travel	Fjord Travel Norway AS		
Avtale Skysst Norways Best	Frøheim Hotell AS		
Avtale Skysst og NSB billettsamarbeid i Hordaland	NSB AS		Samarbeidsavtaler
Avtale Skysst_BookHardanger	Skyss		
Avtale Skysst_Haman Group	Haman Group		
Billettkontroller	AS Skan-kontroll	Billettkontroller	Andre avtaler Skysst
BRUKERSTEDSAVTALE OM BETALINGS- OG IDENTITETSTJENESTER	Aera Payment & Identification AS		
Bussanbod Nordhordland 2018	NETTBUSS, DRAMMEN		Busskontrakter
Databehandlereavtale	Imageshop AS		
Drift av båtutene Espevær-Eidesvik, Austevoll, Reksteren-Våge-Os og Hellesøy-Hernar	GulenSkyss	Drift av båtutene Espevær-Eidesvik, Austevoll, Reksteren-Våge-Os og Hellesøy-Hernar	Båtkontrakter
Drift av båtutene Espevær-Eidesvik, Austevoll, Reksteren-Våge-Os og Hellesøy-Hernar	GulenSkyss		Båtkontrakter
Drift av båtutene Knarvik-Frekhaug-Strandkaien og Kleppeste-Strandkaien	FJORD 1	Drift av båtutene Knarvik-Frekhaug-Strandkaien og Kleppeste-Strandkaien	Båtkontrakter
Drift av ferjesambanda i Sogn og fjordane-kontrakten	FJORD 1	Drift av ferjesamband i Sogn og Fjordane og til Osterøy	Fergekontrakter
Drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand	OSTERØY FERJESELSKAP AS	Drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand	Fergekontrakter
Drift av ferjesambandet Breistein-Valestrand	GulenSkyss	Drift av ferjesamband i Sogn og Fjordane og til Osterøy	Fergekontrakter
Drift av ferjesambandet Hisarøy-Mjånes	Wergeland AS	Drift av ferjesamband i Sogn og Fjordane og til Osterøy	Fergekontrakter
E-læringsplattform til operatør opplæring	Motimate	E-læringsplattform til operatør opplæring	Andre avtaler Skysst
Fagsystem for skuleskyss	Elitele AS	Fagsystem for skuleskyss	Fergekontrakter
Ferjedrift Daløy-Haldorsneset	GulenSkyss		
Ferjedrift i Hordaland - Rutepakke 1	Fjord 1 AS		
Ferjedrift i Hordaland - Rutepakke 2, 3 og 5	FJORD 1		Fergekontrakter
Ferjedrift i Hordaland - Rutepakke 2, 3 og 5	NORLED AS		Fergekontrakter
Ferjedrift i Hordaland - Rutepakke 4	Wergeland AS		Fergekontrakter
Ferjedrift i Hordaland - Rutepakke 5	Boreal Sjø AS		Fergekontrakter
Fleksibel transport, Tertnes	TAXISENTRALEN I BERGEN AS	Fleksibel transport, Tertnes	Båtkontrakter
Forlenging av avtale om båt drift i Indre Sogn	FJORD 1 ASA		Båtkontrakter
Forlenging av kontrakt om båt drift i Florobassengen	FJORD 1		
Gjennomgående billett for strekninga Odda- Seljestad kjøpt på Haukellekssressen	TIDE BUSS AS		
Gjennomgående billett for strekninga Odda- Seljestad kjøpt på Haukellekssressen	Tide Buss AS - 1		
Godsframføring med båt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll	Vidar Hop Skysstbåter AS	Godsframføring med båt Bergen - Gulen, Solund og Askvoll	Båtkontrakter
HASTUS MAINTENANCE AND SUPPORT CONTRACT	GIRO Inc.		Databehandler- og IT-avtaler Skysst
Innløseravtale NETS	Nets Denmark A/S		
Innløsning av betalingstransaksjoner	OneSettle AS		Andre avtaler Skysst
Justering- og overdragelse ladeinfrastruktur	FJORD 1		Fergekontrakter
Kollektiv- og transporttenester i Hardanger-Voss	Tide Buss AS	Kollektiv- og transporttenester i Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal	Busskontrakter
Kollektiv- og transporttenester i Modalen-Vaksdal	MODALEN/EKSINGEDALEN BILLAG AS	Kollektiv- og transporttenester i Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal	Busskontrakter
Kollektiv- og transporttenester i Nordfjord	FIRDA BILLAG BUSS AS	Kollektiv- og transporttenester i Nordfjord, Hardanger-Voss og Modalen-Vaksdal	Busskontrakter
Kollektivfaglig bistand	Trivector Traffic AB	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Deloitte AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	AZETS CONSULTING AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Oslo Economics	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Menon Economics	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Strategisk Ruteplan AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Rambell Norge AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	PricewaterhouseCoopers AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Asplan Viak AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	WSP Norge AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Bouvet Norge AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Norconsult AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Konvei Kompetansesenter AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Cowl AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Asistobe AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Sweco Norge AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Sebastian AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Rina Norway AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kollektivfaglig bistand	Det Norske Veritas AS	Kollektivfaglig bistand	Konsulenttenester Skysst
Kommunal tilleggstransport i Solund kommune	Solund kommune		Andre avtaler Skysst
Kontrakt om kollektiv- og transporttenester i Sogn	Tide Buss AS	Konkurranse om drift av buss- og transporttenester i Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland	Busskontrakter
Kontrakt om kollektiv- og transporttenester i Sunnfjord	FIRDA BILLAG BUSS AS	Konkurranse om drift av buss- og transporttenester i Sunnfjord, Sogn og Sunnhordland	Busskontrakter
Kontrakt om kollektiv- og transporttenester i Sunnhordland	Tide Buss AS		Busskontrakter
Kostnadsfordeling Ølen og Ulbjøa	Kolumbus AS		Andre avtaler Skysst
KVALIFISERING - Drift av båtutene mellom Bergen, Nordfjord, Sogn og Flåm - Drift av båtutene mellom Bergen, Nordfjord, Sogn.	FJORD 1	KVALIFISERING - Drift av båtutene mellom Bergen, Nordfjord, Sogn og Flåm	Båtkontrakter
KVALITETSKONTROLLAR MATERIELL	Securitas AS	KVALITETSKONTROLLAR MATERIELL	Andre avtaler Skysst
Leiargruppeutvikling i Skysst	Agenda Kaupang AS	Leiargruppeutvikling i Skysst	Konsulenttenester Skysst
Leieavtale bussanlegg Manger	HKF Bussanlegg AS		Busskontrakter
Leige av plass for sambandsutstyr	MARKEDSKOMMUNIKASJON AS		Andre avtaler Skysst
Leige av Storbøt 8	SENTRALLAGERET, EIDSVÅG		Busskontrakter
Leieavtale bussanlegg Eikanger	HKF Bussanlegg AS		Busskontrakter
Leieavtale bussanlegg Knarvik	MNG EIENDOM KNARVIK AS		Andre avtaler Skysst
LOKAL BÅTRUTE GEITANGER - KNAPPSKOG	Geitanger Transport AS	LOKAL BÅTRUTE GEITANGER - KNAPPSKOG	Båtkontrakter
LOKAL BÅTRUTE I OSTERFJORDEN	OSTERØY FERJESELSKAP AS	LOKAL BÅTRUTE I OSTERFJORDEN	Båtkontrakter
Løysing for sal av billett på mobiltelefon for Skysst	WTW AS		
Medlemskap Kollektivforum	Transportøkonomisk institutt		Andre avtaler Skysst
Mellombels bemanning til Skysst kundesenter	Adecco Norge AS	Mellombels bemanning til Skysst kundesenter	Konsulenttenester Skysst
Mellombels bemanning til Skysst kundesenter	Randstad AS	Mellombels bemanning til Skysst kundesenter	Konsulenttenester Skysst
Mobilapplikasjon for ruteinformasjon, sanntid og reiseplanlegger mv.	GIANT LEAP TECHNOLOGIES AS		
Nettlikningsavtale	Fagne AS		
Nettlikningsavtale	Sygnir AS		
Nettleieavtale med BKK Nett AS - Rasmus Meyers Alle	BKK NETT AS		Andre avtaler Skysst
NW162 - Øst-Vest ekspressen - JVB	As Jotunheimen og Valdresruten Bilsekskap		Busskontrakter
NW400 - Kystbussen - Tide Buss AS	Tide Buss AS		Busskontrakter
NW420 - Sognefordekspressen - Tide Buss AS	Tide Buss AS		Busskontrakter
NW431 - Fjordekspressen	Tide Buss AS		Busskontrakter
Ombordundersøking	Opinion	Marknads- og kundeundersøkingar for Skysst	
Oppgjer- og legitimasjonsbestemmelser for trafikkinntekter	Wergeland AS		
Overdragelse av ladeinfrastruktur	Wergeland AS		
Overdragelses- og justeringsavtale infrastruktur Mannsværk	Keolis Norge AS		
Overdragelses- og justeringsavtaler infrastruktur ferjekai	NORLED AS		Andre avtaler Skysst
Parkeringskontroll Innfartsparkering	APCOA PARKING NORWAY AS	Parkeringskontroll Innfartsparkering	Andre avtaler Skysst
Procurement of a professional system for route planning	Optibus Transportation Ltd	Procurement of a professional system for route planning	Databehandler- og IT-avtaler Skysst
Puzzle Contact Centre Solution	Fuzzel AS		Andre avtaler Skysst
Rammeavtale – Omsetting og språkvask	Norsk Telegrambyrå	Rammeavtale – Omsetting og språkvask	Andre avtaler Skysst
Rammeavtale – Omsetting og språkvask	Språkverkstaden AS	Rammeavtale – Omsetting og språkvask	Andre avtaler Skysst
Rammeavtale for Reklamebyråtenester	April Reklame AS		Konsulenttenester Skysst
Reinhold informasjonsflatar	Ability FM Øst AS	Reinhold informasjonsflatar	Andre avtaler Skysst
Rekvisisjonsavtale	EIDFJORD KOMMUNE		
Rutepakke 2 - Lokale båtutene i Sogn og Fjordane	NORLED AS	Rutepakke 2 - Lokale båtutene i Sogn og Fjordane	Båtkontrakter
Rutepakke 3 - Lokalbåt drift i Gulen og Solund	Vidar Hop Skysstbåter AS	Rutepakke 3 - Lokalbåt drift i Gulen og Solund	Busskontrakter
Rutepakke Bergen nord	Tide Buss AS		Busskontrakter
Rutepakke Bergen sentrum	Keolis Norge AS		Busskontrakter
Rutepakke Bergen sør	Tide Buss AS		Busskontrakter
Rutepakke buss Sunnhordland 2016	TIDE BUSS AS		
Rutepakke buss Sunnhordland 2016	TIDE BUSS AS		Busskontrakter
Rutepakke Sogn	Tide Buss AS		Busskontrakter
Rutepakke Vest	Tide Buss AS		Busskontrakter
Rådgjevar/prosjektleiar i overgang til nye digitale kundetenester	AZETS CONSULTING AS	Rådgjevar/prosjektleiar i overgang til nye digitale kundetenester	Konsulenttenester Skysst
Samarbeidsavtale mellom Skysst og FRAM	Møre og Romsdal Fylkeskommune		
Samarbeidsavtale om medfinansiering av kontrakt om Lokale båtutene i Osterfjorden	Lindås kommune		
Samarbeidsavtale om medfinansiering av kontrakt om Lokale båtutene i Osterfjorden - OSTERØY kommune	OSTERØY KOMMUNE		
SAMARBEIDSAVTALE OM TJENESTER FOR BILLETTSALG, BETALING AV BILLETTER OG BILLETTKONTROLL	Ruter AS		
Samarbeidsavtale TØI/Skyss	Transportøkonomisk institutt		Samarbeidsavtaler
Samfinansieringsavtale om bestillingstransport i Samnanger kommune	SAMNANGER KOMMUNE		
Sanntidssystem - Kjøp - for kollektivtrafikken i Hordaland	CONSAT NORGE AS, OSLO		
Sanntidssystem - Vedlikehold - for kollektivtrafikken i Hordaland vedlikehold	CONSAT NORGE AS, OSLO		
Sanntidssystem 2024	Consat Telematics AB		Databehandler- og IT-avtaler Skysst
Sanntidstavler Årstad - Nettleieavtale med BKK Nett AS	BKK NETT AS		Andre avtaler Skysst
Servicekontrakt Portmakeren AS	PORTMAKEREN AS		
SKYSS/25/27 - Framtidas hurtigbåt i Vestland? Teknisk-økonomiske vurderingar for piloting av framtidas hurtigbåt på Kystvegekspressruta	Asplan Viak AS		
Snøggbåt Hordaland - Rutepakke 2	GULEN SKYSS AS		Båtkontrakter
Snøggbåt Hordaland - Rutepakke 3	RØDNE TRAFIKK AS		Båtkontrakter
Snøggbåt Hordaland- Brutto, Rutepakke 1.	NORLED AS		Båtkontrakter
Spesialkompetanse for forvalting av Skysst sitt eigenutvikla datavarehus	TERJE ROGNSVÅG AS		
Strategisk verkøy for tilbudsutvikling	Remix Technologies LLC		
System for fleksibel bestillingstransport	Spare Labs. Inc	System for fleksibel bestillingstransport	
Takstkompensasjon Firda Bilag AS	FIRDA BILLAG BUSS AS		
TILBUDSFASE - Drift av båtutene mellom Bergen, Nordfjord, Sogn og Flåm	FJORD 1	TILBUDSFASE - Drift av båtutene mellom Bergen, Nordfjord, Sogn og Flåm	Båtkontrakter
Tilgangsavtale Strandkaien	Plug Bergen AS		Andre avtaler Skysst
Tilrettelagt skuleskyss pakke 10	Osterøy Taxi AS	Tilrettelagt skuleskyss	Skuleskyss
Verktøy for oppfølging av transportkontraktar	Nordic Port AB		
Vy Buss AS – Rute VY450	Vy Buss AS		Samarbeidsavtaler
Vy Buss AS – Vy 190	Vy Buss AS		Samarbeidsavtaler
VY146 - Vy Buss AS	Vy Buss AS		Samarbeidsavtaler
VY170 - Vy Buss AS	Vy Buss AS		Samarbeidsavtaler
VY430 - Vy Buss AS	Vy Buss AS		Samarbeidsavtaler

